

Terje Vindegg – minneord

Arild Mikkelsen

Olav Sletto og høgskulen.

Olav Sletto

Forsamlingi gjorde reint skjoldgny!
Tale til Lars Eskeland på
hans 75 års-dag.

Jørn Øyrehagen Sunde:

Internasjonal og moderne, lokal og tradisjonalist –
talaren Olav Sletto

Eva Almhjell

So mykje som 8 dagar kan eg vel spandere på min fødedal!
Brev frå Olav Slettos taleferd i Hallingdal vinteren 1915.

Erling Sørli

«Eg tek dette med Kritikken tolleg roleg og lær åt dumskallane».
Olav Slettos forsøk på å oppdra ein kritikar.

Eva Almhjell

Prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet».
Avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet

ÅRSHEFTE 2018
Olav Sletto-selskapet

Forside:

Skuggeportrett av Karin og Olav Sletto. Kunstnar ukjent. Foto: Hol Bygdemarkiv.

ISBN 978-82-996480-3-5



copyright

all rights reserved Olav Sletto-selskapet

ÅRSHEFTE 2018

Innhald	s. 3
Forord	s. 4
Terje Vindegg - minneord	s. 6
Arild Mikkelsen: Olav Sletto og folkehøgskulen.	s. 7
Jørn Øyrehagen Sunde: Internasjonal og moderne - lokal og tradisjonalist - talaren Olav Sletto.	s. 14
Olav Sletto si tale til Lars Eskeland - 75 år.	s. 15
Erling Sørli: «Eg tek dette med Kritikken tolleg roleg og lær åt dumskallane». Olav Slettos forsøk på å oppdra ein kritikalr.	s. 21
Eva Almhjell: «So mykje som 8 dagar kan eg vel spandere på min fødedal» Olav Sletto på taleferd i Hallingdal vinteren 1915.	s. 31
Eva Almhjell: Prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet» - og avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-arkivet.	s. 47
Dette er Olav Sletto-selskapet	s. 50
Årsplan 2018 – Olav Sletto-selskapet	s. 50

Forord

Terje Vindegg, tidlegare bibliotekssjef i Hol kommune, var ein pådrivar for å få materiale Hol kommune hadde fått av Olav og Karin Sletto sine etterkomarar inn i stabile oppbevaringsformer. Det er langt på veg han å takke for at vi i dag har eit Sletto-rom i Holet bibliotek og eit Sletto-arkiv i Hol Bygdearkiv. Eva Almhjell har skrivne minneord.

2017 var det året Olav Sletto-selskapet held seg til to prosjekt: Prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet» - fase I, og Olav Sletto-dagen 2017. Årsmøtet vart gjennomført 1. april 2017. Der tala Arild Mikkelsen om Olav Sletto og folkehøgskolen. Tala er omarbeidd og utvida til ein artikkel, som er med i dette årsheftet. Dette er forvitneleg stoff, der Mikkelsen tek i bruk digitalisert stoff frå Sletto-arkivet, og slik får fram ny innsikt om folkehøgskolemannen Olav Sletto. Det digitaliserte materialet gir grunnlag for vidare forskning på dette temaet. Vi vonar den som har begynt på dette arbeidet held fram å granske! Kjeldetilfanget er stort!

Under Olav Sletto-dagen 2017 tala den prisløna formidlaren Jørn Øyrehagen Sunde, professor ved Universitetet i Bergen, om meistertalaren Olav Sletto. Det er freistande si det same om han som stod på golvet i Veslesalen i Ål kulturhus og tala om talaren Olav Sletto – han nådde dei store høgdene! Radio Hallingdal gjorde opptak av tala. Den er publisert som lydfil på www.olavslettoselskapet.no

Aldri var Olav Sletto så god som talar som når han tala om andre talarar, fortalde Øyrehagen Sunde. Og best var han i si hylling til styraren og læraren sin ved Voss folkehøgskule, Lars Eskeland, på hans 75 årsdag. Sletto sine taler var komponert som eit stykke norsk slåttemusikk, og slutten var nesten alltid open. Den laga han i samspel med tilhøyrarane. Avskrift av tala til Eskeland er med i dette årsheftet. Den syner Sletto sin metode.

Som nemnt er det digitaliseringa av Sletto-arkivet som har tatt mesteparten av styret si tid i 2017. Fire folk har vore i sving med ulike delar av arkivet. Eva Almhjell har arbeidd med brevvekslinga mellom Olav og Karin (f. Bryde) Sletto. I januar-februar 1915 var Olav Sletto på taleferd i Hallingdal, Voss og Hardanger. I åra 1912 -1917 budde Sletto med kone og etterkvart tre barn i Vollen i Asker. Dei kalla heimen sin for Vesleheimen. Brev mellomban på reiseferd og kona, som sit i Vesleheimen, fortel mykje om hans liv som talar og hennar liv i heimen. Vi gir att breva frå ferda i Hallingdal.

Erling Sørli, lektor og spesialist på Olav Duun, deltok også på Olav Sletto-dagen 2017. Temaet for samtala mellom han og Ph.D. Grethe Fatima Syéd var bygd og bygdefolk i Sletto og Duun si diktning. Mens Duun fekk mykje merksemd medan han levde, kjende Sletto seg «nedtagd» av kritikarane i byen. Og når dei fyrst skreiv noko, syns han dei forsto korkje form eller innhald. Difor tok han gjerne kritikarane i skule! Sørli viser i sin artikkel korleis det kunne sjå ut!

Årsplanen for Olav Sletto-selskapet 2018 er også prega av prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet», men no med fokus på formidling, det vi kallar fase II. Vi tek med prosjektbeskrivelsen som del av årets arbeidsplan.

Som ledd i formidlingsarbeidet, har Olav Sletto-selskapet og Vollen historielag utvikla eit konstruktivt samarbeid. Vi har sams interesser omkring i dei fem åra Sletto-familien budde i Vollen. I september planlegg historielaget ei vandrefortelling med utgangspunkt i Vesleheimen. Folk samlast utanfor huset, der tidlegare kultursjef i Bærum kommune, Trine Bendixen, no bur, høyrer snuttar om liv og samliv, og bygda Vollen i åra 1912-1917, for deretter å vandre i Slettos fotspor. Meir informasjon om dette arrangementet kjem utover året. Også fjellfolk er velkomne til vandrefortellinga i Vollen.

I Sletto-arkivet fins fleire hundre brev, manus, avisutklypp m.v. Det er Olav Sletto sjølv som har bestemt kva han ville skulle takast vare på for ettertida. Det han ikkje ville la falle i framande hender, brende han truleg, slik han sjølv sa han ville (jf. «På alderstun» (1963) - Olver-bok nr. 6). Det vi gir att her er altså klargjort av forfattaren. Ingen av barna til Olav og Karin Sletto lever i dag. Barnebarn gir si støtte til publisering av arkivmaterialet i dette årsheftet.

Det er Hol kommune som eig Sletto-arkivet, som vart gitt kommuna i gave av familien ein gong på 1960-talet (Olav Sletto døydde i 1963, kona Karin i 1965). Olav Sletto-selskapet forvaltar arkivet, jf. avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet, signert 19. juni 2016 (sjå bakerst i heftet her).

Avlidne Kåre Olav Solhjell har katalogisert det vi i dag kjenner som Sletto-arkivet. Det digitaliserte materialet er stort sett ordna på same vis som i papirarkivet. Vi er våre forgjengarar i Olav Sletto-selskapet stor takk skuldig.

Vi takkar hjarteleg for bidraga til Årshefte 2018, og understrekar at det er forfattarene som står ansvarleg for kvar sine artiklar.

Thor Warberg skal ha takk for rask research på lokale hendingar i 1915, og Anne Marit Skattum, Norsk jernbanemuseum. Biblioteket, for hurtighjelpa med kart over Bergensbanen omkring 1915. Erling Sørli har lese og gitt gode innspel på artikkelen frå Hallingferda. Jørn Øyrehagen Sunde har vore og er ein klok og spennande rettleiar i arbeidet med brevartiklane, både den som her er publisert og artiklar som kjem i andre tidsskrift. Det er godt ha slik støtte i skriveprosessen!

Vi takkar Are von der Lippe, ein slektning av Karin Bryde i Sandefjord, som har gitt oss lov til å bruke bildet av Kathrineborg. Hol Bygdearkiv har hjelpt med fleire bilder. Vi takkar! Pål G. Gundersen, Vestlia Resort, Geilo, har lete Olav Sletto-selskapet bruke Kai Fjells måleri «Morgen». Vi takkar – og oppmodar folk til å sjå heile Kai Fjell-samlinga i spisesalen på Vestlia Resort, Geilo.

Det er velkoment om stoff frå dette heftet blir kopiert og nytta andre stader, men vi ber om at referanse blir oppgitt med forfattarnamn og Årshefte 2018.

Eva Almhjell
Leiar
Mars 2018



Terje Vindegg - minneord

Terje Vindegg (1946-2018), tidlegare bibliotekssjef i Hol kommune, var ein pådrivar for å få materiale Hol kommune hadde fått av Olav og Karin Slettos etterkomarar inn i stabile oppbevaringsformer. Samlinga vart fyrst pakka ned og lagra i Geilo bibliotek og andre stader. Saman med Kaare Wensaas og andre, er det langt på veg Terje Vindegg å takke for at det nedpakka vart samla og ordna i det vi i dag kallar Sletto-rommet i Holet bibliotek og at alle brev mv. (Sletto-arkivet) er lagra i i Hol Bygdearkiv. Det vart ordna og katalogisert av Kåre Olav Solhjell og er frå 2016 under digitalisering. Terje Vindegg var medlem i Olav Sletto-selskapet frå starten i 2001.

Eg hadde av og til lange telefonsamtaler med Terje Vindegg. Han var ei kjelde til nyttig kunnskap. Han merka seg det vi dreiv med og støtta oss i det. Olav Sletto-selskapet er takksam for Terje Vindegg sitt arbeid for å få realisert planane om eit eige Olav Sletto-rom og for at vi i dag har eit Sletto-arkiv i Hol Bygdearkiv.

Eva Almhjell
Leiar
Olav Sletto-selskapet

Olav Sletto og folkehøgskulen

Av Arild Mikkelsen



Arild Mikkelsen (f. 1947), forfatter og folkehøgskolemann, med idé-historie mellomfag frå universitetet i Oslo, og norsk hovudfag frå Universitetet i Bergen. Bustad i Hokksund. Han har mellom anna vore rektor ved Buskerud folkehøgskole, der Olav Sletto sjølv var lærar i åra 1917-1923. Mikkelsen var også rektor ved Nordens folkelige akademi og leiar i Norsk Folkehøgskolelag i 10 år. Han har skriva ei rad artiklar om folkeopplysning og folkehøgskolar i norske og nordiske antologiar. I 2017 kom hans store arbeid om Grundtvig. Mikkelsen har i mange år vore medlem av Olav Sletto-selskapet. Artikkelen under er basert på foredraget han held til årsmøtet i Olav Sletto-selskapet i 2017.

Foto: Privat.

Dette foredraget har to hovudmoment: Det eine er personen Olav Sletto, det andre er folkehøgskulen. Begge momenta er mangfaldige og mangetydige. For å få eit slags oversyn må stoffet avgrensast og koplast saman på ein brukbar måte. Det inneber at eg ikkje kjem mykje inn på Olav Sletto sin biografi, men vil prøve å setje han inn i ei kortfatta folkehøgskuleramme. Perspektivet vil først og fremst vere idéhistorisk. Tilfanget av idéhistorisk stoff har blitt kraftig utvida ettersom fleire manus av Olav Sletto har blitt digitalisert og dermed blitt tilgjengeleg. Dei manus eg nyttar i dette foredraget er:

- Foredrag av Sletto halde på Geilo 30.10.1949
- Foredrag om Lars Eskeland på 75-årsdagen 1942
- Foredrag om folkehøgskulen i Polen frå 1936
- Foredrag om Booker Washington
- Foredrag om Bjørnson og folkehøgskulen frå 1932

Her er det mykje nytt materiale som modererer, og kan hende endrar synet på Sletto og det synet han hadde på folkehøgskulen.

Ei kortfatta pedagogisk folkehøgskuleskisse

Folkehøgskule er noko, og då er det noko folkehøgskule ikkje er. Eg har altså det ein kunne kalle eit normativt syn på folkehøgskule, i motsetnad til eit deskriptivt syn som berre tar utgangspunkt i det dei ulike folkehøgskulane til ei kvar tid driv med. Noverande lov om folkehøgskular seier at føremålet med skuleslaget er å drive med folkeopplysning og allmending. Frå Grundtvig si side finst det ikkje ein ferdig pedagogisk fasit eller oppskrift på korleis ein folkehøgskule skal arbeide. Det er likevel klårt at folkehøgskuleidéen ikkje heng i lause lufta.

Det er ei spenning i sjølve ordet folkehøgskule, mellom folk, høg og skule. Folkehøgskulen må reflektere over kor folkeleg han skal vere, og kva det vil seie å vere folkeleg. Skuleslaget må vidare tenkje over kor «høg» han skal vere, det vil seie kva for aldersgruppe han vender seg til, og sist, folkehøgskulen må tenkje over

kor «skolsk» han skal vere. Korleis er samanhengen mellom fag og det sosiale livet, mellom pedagogisk fridom og krav frå departement og styresmakter, mellom tradisjon og fornying. Folkehøgskulen må ikkje bli eit slags pedagogisk museum, men må heller ikkje halse etter det som er populært i samtida.

For å sirkle inn ein mogleg folkehøgskulepedagogikk vil eg trekkje fram tre pedagogiske poeng som alle peiker attende til kjerneomgrep hos Grundtvig: ein folkehøgskulepedagogikk skal vere **samtalebaser**t. Det vil seie at samtalen mellom lærar og elev er avgjerande viktig. Folkehøgskulen skal vere **erfaringsbasert**. Det vil seie at elevane skal ta med seg sitt levde liv til skulen og la dei erfaringane dei har få spele med i opplegga. Og til sist; folkehøgskulen skal vere **deltakarstyrt**. Det vil seie at elevane skal kjenne seg som aktive deltakarar i faga med rett til å endre eller influere på dei faglege opplegga.

Grundtvig er ikkje nemnt i lov eller forskrift for folkehøgskulen, og takk for det! Men kjerneomgrepa hans peiker på ulikt vis på dei tre pedagogiske momenta eg har nemt.

- Livsopplysning. Grundtvig meinte at det han kalla «Livets Tarv og Livets Brugbarhed» var viktig, og opplysninga skulle løfta fram dette.
- Det levande ordet. Ordet lever medan bokstavane er daude, skreiv Grundtvig. I samtalen veks det fram noko fundamentalt nytt, menneska vert skapande i samtalen.
- Folkelegheit. Grundtvig meinte at folket ikkje skulle opplysast ovenfrå, men det dei allereie hadde skulle lyftast fram, gjennom det levande ordet mellom anna.
- Den levande vekslerknad. Dialogen, eller samtalen mellom lærar og elev skulle vere berebjeleken i folkehøgskulen, og her skulle lærar og elev vere på like fot sidan dei begge var likestilte andsynes livsgåta. Mennesket var for Grundtvig noko gåtefullt, eit guddommeleg eksperiment av «Aand og Støv» skreiv han, korkje lærar eller elev sit med fasiten.
- Det historisk-poetiske. Mennesket har både vengjer og røter, og skal sjå bakover i historia med myter, eventyr og segner for å bli klok, og sjå framover mot framtida med håp.

Fire ulike liner i norsk folkehøgskule

Norsk folkehøgskule har fire ulike liner som dels er parallelle, dels viklar seg inn i kvarandre, og dels forsvinn ut av bilete.

- I 1864 starta Anker og Arvesen opp Sagatun, og vi får det ein kan kalle Sagatun-lina. Her ligg arven fra Grundtvig sterkt på alle vis, pedagogisk, i synet på kristendom, i synet på det nasjonale og synet på samfunn og arbeidsliv. Anker og Arvesen var frilynte folk, dei var venstreorienterte i si samtid, og dei var kulturopne og progressive med klart blikk for sosiale utfordringar i samfunnet.
- Christopher Bruun starta i 1867 Vonheim Folkehøgskule, og flytta skulen i 1871 til Gausdal. Bruun var ikkje grundtvigianer på same vis som Anker og Arvesen. Bruun hadde lese Søren Kierkegaard og var sterkt påverka av han. Vonheim-lina er derfor annleis enn Sagatun-lina.

Bruun var oppteken av moral, han dyrka kroppsarbeid og det enkle livet i kontrast til det urbane bylivet, han hadde eit anna syn på kristendom, og såg på bonden og bondekulturen som det berande elementet i det nasjonale. Han fekk stor påverknad gjennom talen han heldt i 1870 i Studentersamfunnet i Kristiania med Bjørnson som storslagen våpendragar. Desse talane vart seinare trykt i boka «Folkelige Grundtanker» som vart ei slags grunnbok for folkehøgskulen i mange år. Bruun var meir ein oppdragar enn opplysnar. Han kjempa hardt mot latinskulen og vart ein viktig talsperson for kampen mot embetsstanden sin skule på det viset, men han forskansa seg i eit merkeleg syn på det nasjonale og det autoritære, noko som førte til at han som ein av få røysta mot oppløysing av unionen i 1905.

- Den tredje lina i norsk folkehøgskule er amtsskulelina. Amtsskulane vart etablerte i 1875 med stortingsvedtak og statlege løyve i ryggen, som eit mottiltak mot den meir radikale frilynte folkehøgskulen. Amtsskulane vart noko meir orientert mot det faglege, dei la meir vekt på læring og formell kompetanse, men vart likevel folkehøgskular. Etter kvart flytta mange lærarar frå den frilynte folkehøgskulen over som lærarar på amtsskulane, og med unnatak av betre økonomi, vart desse skulane ikkje verkelege konkurrentar til dei andre folkehøgskulane. Restar av denne tradisjonen finn vi i dag der nokre fylke framleis står som eigarar av folkehøgskular.
- Den siste og fjerde lina i norsk folkehøgskule er den kristelege ungdomsskuletradisjonen. Den fyrste kristelege ungdomsskulen vart skipa i 1893, og stod frå fyrste stund i klår motsetnad til dei frilynte folkehøgskulane, framfor alt i synet på kristendom og på forkynning, men også i pedagogikken. Dei kristelege ungdomsskulane ville vere ein forkynnande skule, vekkje dei unge til eit kristeleg liv. Skulane kom etter kvart til å vere ein viktig del av dei store vekkingsrørslene på 1920 og 1930-talet. Ole Hallesby og den såkalla Calmeyergatelina såg på dei kristelege ungdomsskulane som viktige reidskap i kampen mot ein liberal teologi. Etter krigen vart den frilynte folkehøgskulen og den kristelege ungdomsskulen omfatta av den nye loven om folkehøgskulen som kom i 1949. Dei kristelege ungdomsskulane mista namnet sitt, og dei gjekk etter mykje atterhald over til å kalle seg folkehøgskular. Det er framleis motsetnader mellom frilynte og kristelege folkehøgskular, sjølv om dei i dag er samlokaliserte i Oslo, og på mange måtar samarbeider godt.

Om Olav Sletto sitt møte med folkehøgskulen

Olav Sletto møtte frilynt folkehøgskule då han vart elev på Voss folkehøgskule. Her møtte han ein av dei verkeleg leiande personane i frilynt folkehøgskule på den tida. Lars Eskeland, som var styrar på Voss folkehøgskule og som bygde skulen opp til ein av dei aller største og viktigaste i norsk folkehøgskule i mellomkrigstida, var ein sterk personlegdom. Her møtte Sletto det levande ordet gjennom kraftfulle foredrag. Han møtte landsmålet slik han aldri før hadde høyrte det, med ei kraft og ein patos som han aldri skulle gløyme. Gjennom Lars Eskeland møtte han også det nasjonale og det folkelege i foredrag om norsk historie og ved lesing av norsk litteratur [sjå avskrift av Olav Slettos tale til Lars Eskeland sin 75-årsdag i dette heftet].

Biografien til Lars Eskeland er interessant; han var utprega nasjonal og vendt mot bonden og bondekulturen. Han skal visstnok ha sagt at «han som ikkje eig jord, er ein fant». Han var hovudtalar på landsmøta til Bondelaget ei årrekke. Lars Eskeland var nok ikkje ein typisk grundtvigianer, men snarare ein Bruun-inspirert folkehøgskulemann med røter hos Kierkegaard. Eskeland vart ein strid vaktar av offentlig moral i kamp mot sedløyse i alle former, han vart ein slags ishavsimperialist og tilhengjar av annekteringa av Grønland. Gjennom 1920-talet vart han driven mot den katolske kyrkja. Han vart katolikk i 1925. Voss folkehøgskule fekk store problem etter konverteringa hans, og heldt på å miste statstilskottet.

På Voss folkehøgskule møtte Sletto det folkelege i ei nasjonal utgåve, han møtte det nasjonale i ein bondsk utgåve, han møtte det levande ordet som landsmål, og han møtte det munnlege i form av inspirerte foredrag. Med dette i bagasjen måtte det bli vanskeleg for Sletto å gripe den folkehøgskulen han møtte på Askov Højskole i Danmark. Her gjekk det føre seg ein intellektuell debatt Sletto nok hadde vanskar med å trenge inn i utan vidare. På Askov gjekk striden mellom Georg Brandes på den eine sida og læraren Holger Begtrup og styraren Jacob Appel på den andre, som var av dei førande grundtvigianarane i Norden. Viktige element i denne debatten var tilhøvet mellom dansk folkehøgskule og sosialdemokratiet, korleis skulle ein stille seg til den framveksande arbeidarrørsla, og ikkje minst korleis skulle tilhøvet vere mellom den grundtvigske folkehøgskulen og kulturradikalismen. Lars Reinton har skrive om Sletto og opphaldet på Askov og kvifor han slutta på skulen. Sletto kjende seg nok litt som ein framand fugl i tillegg til dei andre problema av meir privat karakter han hamna opp i.

Olav Sletto var lærar på Buskerud Folkehøgskule, Heimtun, frå 1917 til 1923. Dette var ein periode då Sletto si forfattarverksemd må ha vore på det mest hektiske. I denne perioden kjem bøker og romanar om norrøn mytologi og om framveksten av kristendomen, der den historiske bakgrunnen er Romerriket. Dette krevjande forfatterskapet fekk ikkje god kritikk av styraren på Heimtun, Olav Langeland. Langeland gav Sletto direkte dårleg kritikk, til og med i folkehøgskulen sitt eige blad «Høgskulebladet». Dette er eit vanskelig og litt uforståeleg punkt. Langeland var eigentleg ein liberal og frilynt mann, men han meinte likevel at Sletto ikkje var kristeleg nok til å skrive bøker om kristendomen. Det er freistande å tolke striden mellom Sletto og Langeland meir som ein strid mellom ein styrar som ønskte ein engasjert lærar, og ein forfattar som hadde store ambisjonar, og som trengte mykje tid til bøkene.

Olav Sletto sitt folkehøgskulesyn

Var Sletto ein grundtvigianer som hadde ankerfeste i Sagatun-lina, eller var han meir orientert mot Christopher Bruun og Vonheim-lina, der Kierkegaard var viktigare enn Grundtvig? Det går tydeleg fram av dei manuskripta som no er digitaliserte at Sletto hadde lese Grundtvig. Det går også fram av nokre av dei breva som han sendte til Alf Larsen. Utvalde skrifter av Grundtvig har eg likevel ikkje funne i boksamlinga hans.

Sletto seier at Christopher Bruun ga folkehøgskulen ein norsk sveip, og siktar kan hende til at Sagatun for nokre kritikarar vart for dansk og for lite norsk og nasjonal. Men Sletto peiker også attende til Grundtvig og kjerneomgrepa hans: det levande

ordet og det munnlege. For Grundtvig trumfar det folkelege det dansk-nasjonale, og han kom aldri til å skrive ei dansk historie. Grundtvig arbeider seg frå det folkelege til det nordiske og deretter til det universelle. Sletto set Grundtvig inn ein litt uvanleg idéhistorisk samanheng; frå Pytagoras i det antikke Hellas, til Pestalozzi og Jean-Jacques Rousseau og til slutt Johann Gottfried Fichte. Det som er påfallande med denne rekka er at han ikkje nemner Johann Gottlieb Herder. Han les Grundtvig med brillene til Fichte medan ein kunne venta at han skulle nytte Herder sine. Grundtvig var jo påverka av Herder sitt syn på kva som rørte seg i folkedjupet av eventyr, segner og skikkar.

For Johann Gottfried Fichte vart den franske revolusjonen i 1789 ei særleg viktig hending. Saman med filosofien til Immanuel Kant førte dette til at Fichte reiste ein kamp mot privilegiane til adelen. Han mente at det var arbeidet som skulle vere den legitime grunnen for eigedomsrett, ikkje arv, og han hevda at bøndene måtte bli kvitt pliktarbeidet. Adelen skulle vidare, slik Fichte såg det, ikkje ha ein sjølvstendig rett til embete. Alt dette har nok vore fine tanker som Sletto kunne like. Sletto ser ut til å ha vore oppteken av den eldre Fichte. På sine eldre dagar fekk Fichte syn for det nasjonale. Han starta sin filosofi som ein liberalar, og var nesten anarkistisk. Han var tilhengjar av ein sosial og økonomisk politikk som skulle tene folket i brei tyding, ein slags planøkonomi, men endrar seg etter kvart og vert til slutt ein slags prøyssisk patriot. Og det er desse tankane Sletto ser ut til å ha gripe fatt i. Det er dei nasjonale synspunkta til Fichte han held fram.

Frå Fichte går Sletto over til Pestalozzi og skulen hans i Sveits. Hos Pestalozzi vart morsmålet særskild viktig og han ville vekke elevane til å bli betre menneske, slik Sletto ser det. Og Sletto kallar dette for karakterdanning. Så frå Pestalozzi hoppar Sletto over tusen år attende til den greske filosofen Pytagoras. Han finn dei same hovudmotive her: oppvekking og oppfostring til å gjere elevane til gode menneske. På denne bakgrunnen kjem så ein av Sletto sine konklusjonar om folkehøgskulen: «Kvar gong folkehøgskuletanken har bryte fram so er det som ein reaksjon mot ein viss nedgangstilstand i folket». Så går han etter denne konklusjonen same vegen opp gjennom dei same filosofane. Hos Pytagoras finn han kamp mot materialisme, egoisme, moral og nyttingslyst. Hos Pestalozzi finn han det same; kamp mot maskiner og vareproduksjon, kamp mot materialisme som set mennesket som skapt i Guds bilete i fare. Og til slutt Fichte; kamp mot materialisme og egoisme, eit liv berre i nytting og andeleg likesæle. Sletto plasserer Grundtvig inn i same heilskapen, og seier: «Grundtvig står fram i same redsla at det danske folk skal gå andeleg til grunne». « Ei ny folkeuppføring – ei ny vekking av folket », er naudsynt skriv Sletto.

I manuset sitt kjem så Sletto med ei lang og idealisert framstilling av skulen til Pytagoras i Kroton i Sør-Italia. Det interessante er at Sletto ser ut til å finne parallellar mellom skulen til Pytagoras og den skulen Christopher Bruun starta. Dei viktigaste punkta hos Pytagoras, slik Sletto ser det, er:

- Vekt på kroppsarbeid, kroppsarbeid som eit ideal
- Bygda sine verdiar, ikkje byen og det urbane
- Ein moralsk overbyggnad. Ikkje luksus av noko slag, men vekt på å fostre ein sterk ungdom
- Eit høvisk mannsideal

- Eit kvinneideal utan jåleri, men med vekt på moderskap
- Ein skule utan eksamen

Ein skal vere varsam med å konkludere for sterkt etter eit komprimert manus, men om ein held dette manuset saman med andre skrifter av Sletto, til dømes essaysamlinga «Geisli», kan det sjå ut som Sletto er meir påverka av Bruun enn av Grundtvig, og at idealiseringa av skulen til Pytagoras heng saman med dette. Hos Grundtvig trur eg han har gripi fatt i det nasjonale i større grad enn det folkelege, og at han tenderer meir mot oppfostring enn mot opplysning. Då høver det betre med Bruun enn med Grundtvig. Bakom det heile ligg Søren Kierkegaard med sine høge moralske krav slik dei kom til uttrykk i til dømes boka «Enten – eller», ei bok vi veit Bruun las grundig. Kierkegaard og Bruun ville skipe ein skule der oppfostring og oppseding var viktig, Grundtvig ville primært opplyse folk og elevar, få dei til å «Tage Livet som det virkelig var», og fremje «Livets Brugbarhed».

Sletto var påverka både av Grundtvig og Kierkegaard, og dei lange linene i frilynt norsk folkehøgskule har ikkje vore tydelege på kva for line som har vore viktigast. Kan hende kunne ein seie at Sletto ville ta tak i det beste både hos Grundtvig og Kierkegaard. Det er ikkje grunnlag for å problematisere elevsynet til Sletto. Her meiner eg han stod på trygg teoretisk grundtvigsk grunn med omgrepa det levande ordet, levande vekselverknad, det munnlege og det folkelege. Elevane fekk foredrag på eit høgt intellektuelt nivå, og måtte verkeleg strekke seg. Det ein kan undre seg på er om han alltid var like dialogisk, om ikkje kunstnaren og den visjonære nokre gongar kunne ta overhand slik at den levande vekselverknaden i praksis vart vanskeleg.

Olav Sletto lar seg ganske enkelt ikkje gripe korkje som grundtvigianar eller som kierkegaardianar. Eit betre ord på Sletto kan vere at han er ein klassisist. Forfatterskapen hans tyder på det. Han hadde studert klassikarane, han var djupt engasjert av mytologi, bibelhistorie og den antikke verda. Eit litt overflatisk poeng i same leia er at Sletto var uhyre elegant i klesvegen. Med sin framtoning i det ytre var han langt unna den «vadmelsidealisme» som ein finn hos Christopher Bruun.

Olav Sletto og Benedetto Croce

I boka si om Sletto kjem Lars Reinton fleire gonger inn på Sletto og hans lesing av den italienske filosofen Benedetto Croce. Dette er ein viktig og interessant peikepinne som gjer at den idéhistoriske konteksten Sletto står i vert tydeligare. Benedetto Croce vart fødd i Sør-Italia i 1866. Han døyde i 1954 som namngjeten litteraturhistorikar, filosof, estetikar og kjempande liberal humanist. Croce var påverka av Hegel og tysk idealisme, han var motstandar av ein positivistisk og naturvitenskapleg orientert kunstkritikk, og meinte at kunst måtte sjåast som visjon eller intuisjon, og ikkje som alt mogleg anna anten det var filosofi, religion eller historie. I boka «Estetisk brevarium» svarer Croce følgjande på spørsmålet «kva er kunst»? Han skriv: «Kunst er visjon eller intuisjon. Kunstneren skaper et bilde eller et syn. Kunstskeren vender blikket mot det punktet som kunstneren har pekt på, ser gjennom det kikkehull som han har åpnet, og gjenskaper bildet inne i seg. Intuisjon, visjon, kontemplasjon, innbilningskraft, fantasi, fremstilling, forestilling og så videre er alle sammen ord som stadig dukker opp når vi snakker om kunst». Og ein annan stad skriv han: «I kraft av åndens enhet forutsetter dikteren et lidenskapelig stoff som han bevarer idet han hever det til dikterisk lidenskap». Her finn vi utan tvil kunstaren

Sletto, her ligg synet Sletto har på litteratur, på kunst, og på si eiga rolle som forfattar og kunstnar.

Sletto har ifølgje Reinton lese Croce sitt store verk «La Critica». Det er i dette verket Croce utviklar det som skal bli ein ramsalt kritikk av fascismen i Italia. Croce tek kraftig avstand frå fascismens sekterisme og forakt for framand kultur, så vel som den sjølvforherligande tendens som all fascisme er prega av. Dette kosta Croce mykje, han vart arrestert og sat i fangenskap heilt til dei allierte kom og sette han fri. At Olav Sletto var klassisist høver god saman med lesinga hans av Croce. Lars Reinton skriv om Sletto: «Samstundes kunne han nytte fullt ut den diktemåten han gjennom studiet av klassikarane hadde funne å vere den rette og som han hadde funne støtte for hjå Benedetto Croce: Diktaren skulle vere sjåar, skulle og fremst tala gjennom bilete, symbol, ikkje ved allgoriar. Til dette kom reint personlege tilskuv. Han kjende seg nok i denne sterke ungdomstida noko i ætt med den himmelstormande Loke». Sletto hadde djup kjennskap til den klassiske tradisjonen, han var sjåaren, den visjonære kunstnar, men blei han også folkehøgskulemann? To interessante poeng kunne ein kanskje arbeide vidare ut, og med Croce som bakgrunn for ny lesing av Sletto. Mitt inntrykk er at det var den såkalla tredje front med professor A.H. Winsnes i spissen som las og introduserte Croce i Norge. Ein kan undre seg på om ikkje Sletto kunne ha funne andelegre frendar i dette miljøet. Eit anna poeng er jo sjølv sagt at lesinga av Croce har vaksinert Sletto fullstendig for all mogeleg sympati for fascismen i alle utgåver, og at dette kunne ha spart han for urettvise skuldingar i den retning etter krigen. Her ligg mat for framtidig forskning og utgreiing.

Oppsummering

Olav Sletto var klassisisten som vart folkeleg, og som meir eller mindre heile livet kjende seg og arbeidde som ein folkehøgskulemann. Det ligg eit paradoks det ikkje er lett å finne ut av her. Det kviler lukkelegvis noko gåtefullt over Sletto. For å drive ein folkehøgskule må ein ha eit elevsyn. Sletto såg på elevane som sjølvstendige individ, men han hadde nok meir tru på oppfostring til eit andeleg og moralsk liv, enn på det grundtvigske opplysningsideal. Ein må vidare ha eit skulesyn for å lukkas med ein folkehøgskule. Her var nok Sletto på tryggare grunn med sitt syn på det levande ordet og det munnlege. Men var han ein dialogpedagog? Skapte foredraga hans eit godt rom for samtale mellom elevane etterpå? Eg trur Sletto var særst dyktig til å halde foredrag, han var kunnskapsrik og engasjert og fekk elevane til å strekke seg. Kan hende vanta det noko på det dialogiske, men det er faktisk ikkje godt å vite. For å drive folkehøgskule må ein også ha eit samfunnsyn. Sletto var oppteken av bondesamfunnet og dei ideala som knytte seg til bonden. Han ville at folket skulle bli medveten om sin nasjonale karakter. Men han var demokrat, og slett ikkje ein nasjonalist. Gjennom si store foredragsverksemd hadde han god kontakt med dei folkelege rørsleane og han kjende godt kva som rørte seg i folket. Han såg likevel ikkje folkehøgskulen i eit politisk perspektiv.

Eg trur Olav Sletto ville ha undra seg og vore kritisk til at folkehøgskulen i dag har mista kontakt med folkelege rørsler. Ein kan seie det på ein annan måte også; dei store folkelege rørsleane er vanskelege å sjå, og i vårt kompliserte samfunn spelar dei i alle høve ei anna rolle enn tidlegare.

Eg trur Sletto ville vore kritisk til den institusjonaliseringa som har funne stad i heile samfunnet og som også råkar folkehøgskulen med krav om formalisering og byråkratisering.

Eg trur han ville kjend seg framand i eit digitalisert samfunn, og ein folkehøgskule med mange nye fagområde. Han ville særleg vore kritisk til at litteratur og historie har forsvunne, og han ville vore lei seg over at songen på mange skular er borte. Eg trur han ville ønska ei vitalisering av omgrepa folkeopplysning og allmenndanning, og han ville utan tvil ha fryda seg over at dei grunnleggjande ideala framleis er på plass: eksistensielle utfordringar til alle elevane gjennom kombinasjonen fag og miljø, og han ville likeeins fryda seg over at folkehøgskulen framleis ønskjer å gi elevane tru på seg sjølve, gi dei håp og visjonar om eit godt liv.

Internasjonal og moderne – lokal og tradisjonalist – talaren Olav Sletto

Av Jørn Øyrehagen Sunde



Foto: Privat.

Jørn Øyrehagen Sunde (f. 1972), professor i rettshistorie ved Universitetet i Bergen. Busett i Vaksdal. Under Olav Sletto-dagen 2017 held Øyrehagen Sunde ei tale om talaren Olav Sletto.

Talen vart tatt opp av Hallingdal Radio. Den er, med godkjenning frå Jørn Øyrehagen Sunde og Radio Hallingdal, publisert som lydfil på www.olavslettoselskapet.no

I 2015 ga Øyrehagen Sunde ut bok om mor til Olav Sletto saman med Eva Almhjell: "Anne Sletto – eit kvinneportrett" (Boksmia 2015).

Øyrehagen Sunde har i mange år støtta Olav Slettoselskapet med artiklar, foredrag og rettleiing fagleg og juridisk – utan honorar. Vi takkar!

Han var ikkje nazist, ikke facist, ikkje rasist! Han var pasifist og religiøs utopist! Og han var klassisist. Det slo stortalaren Jørn Øyrehagen Sunde ettertrykkeleg fast då han tala om meistertalaren Olav Sletto under Olav Sletto-dagen 2017 i Ål kulturhus, laurdag 21. oktober. Professoren i rettshistorie, prisløna formidlar ved Universitetet i Bergen, hadde studert 28 av temaene Olav Sletto i si tid tala over, og som no er transkriberte og digitaliserte. Øyrehagen Sunde gjekk inn i rolla som talaren Olav Sletto, brukte hans metode, hans måte å byggje opp ei tale på, og hans måte å framføre budskapet. Sletto studerte talekunst då han var i København i 1908-09. Aldri, sa Øyrehagen Sunde, var Olav Sletto betre som talar enn når han tala om andre talarar, t.d. Lars Eskeland, Slettos lærar og rektor ved Voss folkehøgskule! Og alltid hadde Sletto ein open slutt på sine talar. Slutten sette han i samspel med publikum, slik alle store talarar gjer. Vi deler med dykk avskrifta av Olav Sletto si tale til Lars Eskeland på 75-årsdagen 6. mars 1942. Eskeland døydde 30. oktober same året.

FORSAMLINGI GJORDE REINT SKJOLDGNY! OLAV SLETTOS FESTHELSING TIL TALAREN LARS ESKELAND PÅ 75-ÅRS DAGEN HANS VÅREN 1942



Lars Eskeland
(6.3.1867 – 30.10.1942).
Foto: Wikipedia

Aldri var Olav Sletto så god som talar som då han tala om andre talarar, fortalde Øyrehagen Sunde. Og best var han i si hylling til styraren, og læraren sin ved Voss folkehøgskule, Lars Eskeland, på hans 75-årsdag i 1942. Sletto sine talar var komponert som eit stykke norsk slåttemusikk, og slutten var nesten alltid open. Den laga han i samspel med tilhøyrarane. Unnataket er denne talen. Nedanfor gir vi att avskrift av Slettos tale til Lars Eskeland.

Det er Eva Almhjell som har transkribert tala. Den er med her for å gi eit døme på Slettos metode. Eg har korta tala noko ned, og laga mellomstikk (*i kursiv*). Tala er ellers attgitt slik ho er i manuset. Utydeleg skrift i manuset er merka (EA ???).

Forsamlingi gjorde reint skjoldgny, seier talaren Olav Sletto i si helsing til Lars Eskeland. Ingen over, ingen ved sidan av talekunstnaren, rektor ved Voss folkehøgskule og Sletto sin gamle lærar! Han var ei sterk støtte i valet Sletto gjorde då han følgje sitt forfattar-kall.

I

1. a) Dei fleste eldre = har høyrte E. på talarstolen. Han hadde noko av si arbeidsmark her i dalen.
Mange = elevar ved Voss f.h.sk.
b) Har tala: 70-åring – nemner han ikkje som lærar – kamerat – ven – bokskrivar, men alltid talaren.
c) Dei har upplevt noko under talarstolen hans, det har dei bore med seg eit langt liv.
2. a) Nede på breidbygdene:
 1. Namnet godt likt
 2. Ikkje skulemannen – ikkje skribenten – talaren på landsmøte i bondelaget.
3. a) Det er ikkje slump at det var talaren Eskeland som vart landskjend
 1. Han var talor fødd
 2. Talar – rektor – talokunstnar – forkynnar i skulesalen – i dikti han skreiv – i bøkene han skreiv – bladartiklane.

Difor vil eg reise eit bilete av **talaren E.** før eg skildrar hans arbeid i norsk f.h.sk.

II 4. a) Sitt store gjenombrot som talar hadde E. i 1916 (49 år gamal) på

Lillehammer. Landsmøtet i Norsk Landmannsforbund, seinare umdøpt til Norsk bondelag. (Han hadde havt store – meir lokale sigar før det:

- a) Talen på Voss 1892, b) Talen i Norheimsund nokre år seinare, c) talen i Vestmannaalaget, d) på stemne i Norrigs Ungdomslag.
- b) Statsråd Melby visste kva han gjorde då han bad E. tala, men han møtte meir enn han hadde venta.

1. Det store samlingstellet for fyrste gong. Fleire 1000 menneske går inn.
2. Bønder frå det heile land. – Mange hadde gått folkehøgskule - vakne.
3. Under talarstolen ei rekkje framstående som hadde påverknad av Anker, Hovesen (EA???), Bruun. Melby, Konow – og ..., Kay Møller, Diedrickson o.a. førande -

Ei forsamling som måtte inspirere Eskeland.

c) Emnet hans – ikkje av politisk art (E. tala aldri praktisk politikk) Det var liksom eit høgre idégrunnlag han gav for bondereisingi - "Korleis knyte bondeungdomen til bondereisingi".

d) Det var eit vakkert syn å sjå E. stige på talarstolen. Ro – ein mann som kjende seg sterk framfor store forsamlingar. Vakker røyst. Kwart ord klårt, kvar setning eit lite kunstverk, eit herredøme over norsk mål som måtte forundre – ein foredragsmåte som berre ein øvd foredragshaldar kan klare.

Han tala fritt – ikkje ein skriven papirlapp. Det levande tempo – den frie rytme som alltid høvde stemningi – og han treffe forsamlingi. Han gav

- ungdomspsykologi
- bondepsykologi
- historiske bilete
- poetisk naturtolking
- det var djupt i ferdlandskjensle
- det var religiøst
- det var forkynning og vekningsrop

Mange var so gripne at dei gret. Slik hadde dei ikkje høyrte bondens kall tolka.

- c) Melbye takka, ropte ut: Kven kan me nemne i dag som er større talar enn L. Eskeland? Forsamlingi gjorde reint skjoldgny. Det var ei mektig møte.

5. a) Etter denne talen tala E. på stemna i Norsk Bondelag i 15 år etter kvarandre.

1. Hans foredrag var høgdepunktet
2. Aldri partipolitiske saker
3. 1923: Grønland, Island, Færøylene
4. 1929: Kongsvinger: Vern heimane våre
5. 1938. Oslo. Eit tidskifte = eit slag mot materialismen, kalling til å samle oss um Kristus – stelle Norge rett i Kristi namn. Eit sers strengt foredrag.

OS sin margmerknad: 1-5 er kulturelle, sosiale, religiøse emne.

6. Hans syn vaks utum landet
 1. På Skamlingsbanken. Danmark.
 2. På Island og Færøylene.

OS randmerknad: Holger Begtrup, Thomas Boedstock, ...talarar.

7. I vel 45 år arbeidde han som talar. Rundt kringum i landet. Tok talargjerning som alvorleg livsgjerning.

- III
- 8 a) Denne talargjevningen, halvt diktar, halvt historikar og filosof, var det som gjekk inn i folkehøgskulen.
1895 – skulde vera handlingens mann.
 - b) Mange trudde – i alle fall ungdomen på Voss trudde, og hjelpte – dei vilde ha skulen.
 - c) Mange tvila = han var for mykje stemningsmann, estetiskar – for mykje norsk – for lite kristeleg. Rekna han for festtalar.
 - 9 a) Det synt seg snart at han var vel utbudd som handlingsmenneske:

Her kjem det ein lang bolk, der Olav Sletto talar om Lars Eskeland sin store og ueigennyttige innsats for å få reist det som vart Voss Folkehøgskule, ein skule det snart gjekk gjetord om og som vart søkt av ungdom frå alle kantar. Men det var ein lang og seig kamp før ein kom så langt. Styrar, lærar og ungdommen sjølv var med å bygge skulen. Arbeidet var ulønt – for alle. Dei var idealistar..

- IV
- 11 a) Det var talaren E. som gjekk inn i folkehøgskulen sitt arbeid.
Han hadde pedagogisk skjønn, men det var ikkje det å undervise som var hans styrke. Foredraget var hans største evne – og hans verkemiddel.
 - b) Han visste vel um det – og utdana i dette me kallar talarkunst.
Han valde foredraget som verkemiddel – som Arvesen – Bruun og Anker, Ullmann. Men han etterlikna ingen, han vann heilt sin eigen måte.
Arvesen = veldig – høgtflygande – og humanistisk – kritikk.
Skiftande. Alle strengjer – torden – og mild vind.
Bruun = tung, sein, arbeidde talen fram, djup, ingen stor talekunst, men vaks til velde.
Ullmann = roleg – einstonig, lange setningar, ein stendig straum, kunnskapsfylt, ein ubrytneleg lærdom, han reiv med.
Eskeland = roleg, noko musikalsk, hans styrke var bilete. Eit merkeleg alvor. Han henta stoff serleg frå diktingi og saga frå sjelslivet. Han kunde ta filosofiske spørsmål, kled dei inn so dei alltid greip dei unge. Det vart livsspørsmål. Det fylgde slik glede med foredragstimane til E. Me opplevde noko som me stunda etter å uppleva på nytt. Han tala til sinnet i elevane – eg trur det var det som gjer at han verka so varig.
 - c) Han skildra best menneske i åndeleg krise. Ugløymeleg er 1) foredrag um Grundtvig 2) foredrag um Luther
 - d) Ugløymeleg når han refsa. NB. Josefine = Marit Hjukse.

Frå 1923 til 1940 var Olav Sletto lærar, seinare styrar ved fleire folkehøgskular. Han hadde gjort seg opp mange tankar om kva folkehøgskulen skulde vera. Noko av hans

eige tankegods er nok med i denne sekvensen i hans tale til Lars Eskeland. Sletto meiner Eskeland tok si folkehøgskule i grundtvigiansk/bruunsk leid. Dei ser på ungdomstida etter 17-18-årsalderen som «åndens skapartime», «ei tid då dei unge har trong etter noko meir enn kunnskapsutplæring og arbeidsutplæring – og treng sjeleleg hjelp – andeleg leiding og påverknad av lærarar som sjølv er åndsvekte. Ungdomstidi er sjeleleg set den rette tid for åndspåverknad. Og bør få det. Dei har rett til å vera unge.»

Sletto går over til å tala om Lars Eskeland sitt grunnsyn, sine «livsspørsmål» frå 1897, der fiendsmaktene var tydelege og trugande:

1. Aukande materialisme
 2. Aukande moralløyse, sedløyse
 3. Aukande trong til den lette moro – og moro som hovudsak
 4. Aukande dragnad burt frå kristendomen
 5. Aukande oppløysing av heimen og heimelivet
 6. Aukande likesæle, åndeleg svevn.
- c) Og på talarstolen – både i skulesaken og uti folket førde han kamp mot desse mørkemaktene heile livet. Innafor denne ramme heldt han seg – der tok han sine emne. So seint som i 1928 tala han på Kongsvinger um "Heimane våre". 1929 i Oslo: "Tidsskifte" – det var mykje godt det han sa i foredrag i 1897. Eit av dei siste foredrag i Oslo – mot sedløysa. (og der sa han eit ord som han har halde fram ofte: "Eg kjenner meg overtydd um at ikkje anna og ingen annan enn Kristus kan gjera kvar av oss og heile tidi frisk, berge og reinse oss". Og same sa han i 1897.)
- f) Ikkje noko brot i hans livssyn – berre utdjuping, vokster.

Lars Eskeland var også forfattar, dramatikar og diktar. I diktsamlingane «Vårkjenning» 1898 og «Vakna» 1915, er det «folkeskalden» Olav Sletto let tre fram:

V. Det var dei store kjensle-bårer som kan gå gjennom eit heilt folk han tolka. Det var vekkingssongar. Han var i ætt med den skalden hans Olav heilige som vekte heren på Stiklestad. Og han sang for ungdomen. Og det var i det store og heile emne som han hadde på talartolen.

1. Ungdomslivet
 2. Lengt mot vår og arbeid
 3. Vekkingssong – dagar kjem!
 4. Heimen
 5. Samanhengen millom fortid og notid
 6. Sogebilete = syndetider – lidningstider – reisingstider, vakningstider
 7. Målingar av fedrelandet
 8. Lystkins (EA ??) tanken
- No er dei i songbøkene – folkesongar.
- b) Han skriv skodespel: 1. 900-års minnet for kristendomen på Voss – uppført på Voss.

- c) Til Bondelagets landsmøte i Stavanger 1935 historiske emne: Møtet millom E. Skjalgson og Heilag Olav.
- d) Det hende på Hamar (Domkyrkja fell i grus 1936)
- e) Bladartiklane hans har merke av at dei tenkte som talar, men dei er kvassare enn talane hans frå talarstolen. Dei gav tokken av ein stridsmann – sterk overttyding – open tale. Han var ingen fødd stridsmann – ikkje hard, tvert imot sår, men han kjende seg kalla til vakt um visse saker og idear. Og han var uredd.
- f) I muntleg ordskifte var han uovervinneleg – for han var umåteleg kunnskapsrik og reint suveren som talar, hans personlege kunst lama i visse fall.
 - a) 1914 på folkehøgskulelaget sitt møte med ??? – det året dei la f.h.skulane inn under staten – ei oppleving.

Lars Eskelands åndelege vokster vart ei ferd der han i 1925 konverterte til katolisismen. Ei uvanleg handling på den tida. Han hadde venta reaksjonar, men « At motstanden vart så brutal som han vart – i eit land som har lovfest tanke- og talefridom – hadde han ikkje venta.» seier Olav Sletto. Han ser på den ferda som ei skjøneleg utvikling. Han støttar sin gamle lærar.

- 16 a) Det var ein harmonisk mann – i harmonisk vokster – utan brot – eller bråkast. Og difor var heller ikkje hans ferd inn i katolisismen eit brot – det var jamn utvikling og ei skjöneleg utvikling.
- b) Han såg meir og meir at Europakulturen hadde spelt fallitt.
- c) Såg ei aukande gudløyse – og vart redd.
- d) Striden mellom dei kristne um kristendomens grunnsetningar – den norske kyrkjestriden der diskusjonen står um sjølve grunnpillaren Kristus. Ingen ting stod fast. Det vanta fast grunn, 1908 boki "Fast grunn".
- e) I 1939 sa han sjølv: 1925 hadde eg funne herberge i Moderkyrkja etter heimferd på meir enn tjuge år.
- f) Det var ei samvetssak, det var ei samvetstid – men han vågde alt. Han visste det vilde bli strid og kritikk – avdi han stod som leiar av den landskjende skulen. – Han ottast.
- g) At motstanden vart så brutal som han vart – i eit land som har lovfest tanke- og talefridom – hadde han ikkje venta. Det viste seg at åndsfridomen her i landet var heller liten. Tungt vera Eskeland då ei tid. Men han var sterk, han bar det – og han arbeidde i folket som før.

Så går talaren Olav Sletto til avslutningen på si hylling til 75-åringen, Lars Eskeland. «Aldri er talaren Olav Sletto så god som når han tala om andre talarar», sa Jørn Øyrehagen Sunde om talaren Olav Sletto!

- 17 a) Tek me no eit samsyn over det biletet eg har rita av Eskeland:

- b) Det me kan kalle hans åndelege leid, hans åndelege kurs, stod klårt alt frå ungdomen og fyrste manndom av
1. forståing av religiøst liv
 2. trong etter religiøs oppleving
 3. omsut for det ålmenne – for ungdomen – for folkeframgangen
 4. kjensle av ansvar, kjensle av kall og plikt til å virke.
- c) Difor hadde han og ofte sorg for det norske folk:
1. han kjende so sterkt tidsends åndelege nedgang – den aukande materialisme – vinglingi i vårt nasjonale liv.
- d) Men han hadde samstundes høgre trå enn oss andre.
1. Gode krefter var der og kunde vakne
 2. Ein ny vår kunde koma
 3. Men – reinare rekkjor av arbeidsmenn og vekkjarar må til.
- e) Og so vart hans livsgjerning å vekkje og kalle fram desse reinare rekkjor. Han vart ein prest av det slaget Novalis talar um: Ein av desse som har fått seg pålagt å halde ved like den heilage eld i unge sjeler.
- f) Slik står han i minnet hjå alle som kjende han.

«Eg tek dette med kritikken tolleg roleg og lær åt dumskallane». OlavSlettos forsøk på å oppdra ein kritikkar.



Foto: Privat

Erling Sørli er pensjonert lærar og pedagogisk rettleiar. Han er lektor med hovudfag i historie frå Universitetet i Bergen, skriv lokalhistorie i tidsskriftet Rundt om Drammen, og tilhøyre miljøet kring Olav Duun-huset i Holmestrand, byen der Sørli er busett. Under Sletto-dagen 2017 samtala han og Ph.D. Grethe Fatima Syéd om bygd og bygdefolk i Duun og Sletto si diktning. Sistnemnde kjende seg «nedtagd» av kritikarane i byen. Og når dei fyrst skreiv noko, syns han ikkje dei forsto korkje form eller innhald. Difor tok han gjerne kritikarane i skule!

Artikkelen under tek utgangspunkt i brevvekslinga mellom Olav Sletto og ein bokmeldar i Drammens Tidende, Otlu Alsvik, i 1950. Sletto prøver nok å gi inntrykk av at han hevar seg over kritikken, men i denne artikkelen syner Sørli korleis Sletto kunne leggje mykje arbeid og omtanke i å fortelja ein kritikkar korleis bøkene retteleg burde lesast!

Vi veit også at dårlege kritikkar verkeleg gjekk inn på Olav Sletto. Han kunne gå til sengs og bli der lenge når det tok på som verst, skriv Lars Reinton i «Ei bok om Olav Sletto», (Samlaget 1966).

Olav Sletto ga ut 44 bøker på 55 år, mellom 1908 og 1963. Særlig gjennom de første 30 åra/27 bøkene fikk han mye negativ omtale. Kritikken fra de toneangivende anmelderne i Oslo-avisene var til tider nesten harselerende. Sletto prøvde å heve seg over kritikken. Han forsøkte å gi inntrykk av at han syntes kritikerne var en flokk kulturradikalere som konspirerte mot han, og at de mangla djup nok innsikt. «Eg tek dette med Kritikken tolleg roleg og lær åt dumskallane». Men kan en forfatter med store ambisjoner og et skinnende sjølbilde i lengden klare å heve seg helt over en avvisende kritikk?

Ut fra dette er det interessant når det byr seg mulighet til et innblikk i hvordan Olav Sletto la arbeid i å opparbeide og vedlikeholde en dialog når han endelig fikk en bokmelder som han mente forsto og verdsatte bøkene hans. En slik mulighet foreligger når det gjelder Olav Sletto og Otlu Alsvik, som anmeldte bøkene hans i DT&BB fra 1950. Denne artikkelen bygger på Otlu Alsviks etterlatte arkiv. Av sønnen Torkild Alsvik har jeg fått tilgang til mapper med Alsviks anmeldelser av Sletto i Drammens Tidende og Buskerud Blad, og i Husmorbladet. I samme mapper ligger brev fra Sletto til Alsvik.



Otlu Alsvik var allerede en erfaren bokmelder da hun omtalte Sletto første gang i 1950.

Foto: Privat.

Det jeg her kaller dialogen mellom bokmelderen Otlu Alsvik og forfatteren Olav Sletto, varte i tretten år, fra 1950 til 1963. I 1945 begynte magister i norsk litteratur Otlu Alsvik å levere bokmeldinger til Drammens Tidende og Buskerud Blad. Hun var en flittig anmelder, med bokomtaler ukentlig eller oftere i avisa, og dertil i litteraturtidsskriftet Vinduet og i andre medier. Olav Slettos bøker omtalte hun første gang i november 1950. (Sletto hadde tidligere vært anmeldt av Bjørn Skagestad og Alf Røgeberg i Drammens Tidende og Buskerud Blad, siste gang i 1939, ifølge Kaare Haukaas.) Den siste boka av Sletto omtalte hun i avisa i oktober 1963.

Sletto henvendte seg første gang til Alsvik i november 1950, med takk og kommentarer til hennes anmeldelse av «Soga um Røgnaldfolket». Etter det jeg har sett, sendte han tretten brev i løpet av omtrent like mange år, det siste i oktober 1963. Av et brev fra juni 1959 framgår at de møttes bare en gang, kort tid tidligere.

Den første Sletto-artikkelen....

av Otlu Alsvik omtalte hele romanserien «Soga um Røgnaldfolket», som består av fem bind utgitt 1943-1950. Meldinga sto i DT&BB 11.11.1950. Mens norsk litteratur i hovedsak i disse 30 åra hadde vært materialistisk orientert og opptatt av sosiale og psykologiske forhold, sier Alsvik, har Sletto vært en ensom «romantisk idealist». Hans grunntema har vært kampen mellom sjelen og legemet, eller det guddommelige i kamp mot det menneskelige. Dikteren, og kunstneren, har i Slettos diktning til oppgave å representere den visjonen menneskene trenger for å huske den ideelle eller guddommelige dimensjonen i tilværelsen. «Diktaren skulde vera i høgaste meining prest.»

Anmelderen får boltre seg i en stor artikkel som i vår tid ville gi plass til tre-fire bokomtaler. Artikkelen fyller mer enn ei halv avisside i stort format, med moderat overskrift og med bare ett lite, enspaltes portrett av forfatteren. Innledningsvis presenterer artikkelen Slettos tidligere forfatterskap gjennom 30 år, og plasserer Sletto som en «umoderne» forfatter, men for Alsvik betyr «umoderne» ikke utdatert, men annerledes, interessant og lesverdig. Alsvik vurderer Slettos forfatterskap som et unikt idealistisk alternativ til samtidslitteraturens psykologiserende materialisme.

Omtalen av verket om Røgnaldfolket oppsummerer Alsvik slik: «I det hele er det nok ikke Slettos sterkeste side å trenge dikterisk inn i stoffet. Han er mer ånds- og kulturhistoriker. Levende opptatt er han av stoffet, men ikke medlevende. Menneskene er klart trukket opp og skarpt karakterisert, men de lever og handler ikke på egen hånd – bortsett fra Silju i enkelte lykkelige øyeblikk. Verket om Røgnaldfolket er bredt og friskt og frodig, bare den aller siste tennende gnisten mangler.»

.... kom trulig til Sletto som manna fra himmelen

Sletto mottok den grundige og anerkjennende bokmeldinga i DT&BB i november 1950. Han takker varmt for anerkjennelsen. «Etter 42 år u-uppdaga», gleder han seg over at han endelig blir forstått og verdsatt av en kritiker. Men ydmykhet lå ikke for Sletto. Han erklærer i brevet at han har heva seg over den uforstående kritikken. Og heller ikke anerkjennelsen fra Alsvik tar han imot bare med takk. Han forteller at hun ikke fullt ut har forstått intensjonene bak verket, som han kort forklarer i brevet. Dermed har hun heller ikke fullt ut kunnet verdsette de dikteriske kvalitetene i det, men dette gir Sletto henne forståelse for.

Sjøl om Sletto i brevet holder seg rank og stolt og mener han kunne fortjene enda mer ros og anerkjennelse, våger jeg påstå at rosen kom til Sletto som manna fra himmelen.

For det første var Sletto, som før sagt, ikke bortskjemt. Han var vant med anmeldelser som avfeide bøkene hans som utdaterte i tema, språk og virkelighetsforståelse. Spesielt avvisende var de toneangivende kritikerne i osloavisene. Sletto utvikla en følelse av å være forfulgt av en konspirerende klikk kritikere i Oslo. Nå fikk han – endelig – ros og anerkjennelse fra en yngre, velutdanna kritiker i ei av de viktigste regionavisene.

Desto viktigere var anerkjennelsen fordi den kom i Drammens Tidende & Buskerud Blad: For hallingdøler var nok Hønefoss byen for de fleste praktiske formål, men Drammen var metropolen, og «Busken» (kallenavn for parallellutgaven for Buskerud-bygdene av fylkets borgerlige storavis DT & BB) var det toneangivende regionale mediet for informasjon og meningsdannelse. Sletto visste godt at denne anerkjennelsen ville nå fram til eliten i alle fylkets bygder, til glede for gode venner, til styrking av de usikre og til ergrelse for vrangne kritikere.

Å bli anerkjent i heimtraktene blei spesielt viktig etter at Sletto hadde flytta heim til dalen i 1946. En helseknekk under okkupasjonen tvang ham til å slutte som rektor ved folkehøgskolen på Sørumsand. En ufortjent ukklarhet om Slettos nasjonale holdning under okkupasjonen bidro til sette ham i et dårlig lys i mange kretser. Ut fra denne generelle bakgrunnen mener jeg at anerkjennelsen i DT&BB i 1950 for Sletto kunne fortone seg som ei rehabilitering. Denne oppfatningen styrkes ytterligere av det som skjedde fra Slettos side etterpå, nemlig en ivrig og tillitsfull korrespondanse fra hans side:

Frimodige innspill fra forfatter til kritiker

Det var (og er) vanlig at forlag sendte gratisseksemplar av bøker til aviser som trykte bokmeldinger. Forfattere kunne vedlegge et kort med takk for tidligere omtale og et høflig formulert håp om omtale også av den nye boka.

Det samme gjorde Olav Sletto overfor Otlu Alsvik, men i mange brev gikk han svært mye lenger enn skikken var blant forfattere. Jeg antar derfor at Sletto ikke gikk tilnærmelsesvis like åpent og sterkt ut overfor andre aviskritikere. Grunnlaget for denne frimodigheten må være den sterke anerkjennelsen han opplevde at han fikk i artikkelen i 1950 om Røgnaldfolket og siden i ei lang rekke bokmeldinger fra samme kritiker. Han fikk også et imøtekommende svarbrev fra Alsvik i desember 1951 som nok gjorde han enda tryggere på at denne kritikeren var lydør for veiledning fra ham som forfatter.

Mitt inntrykk er likevel at han nok overvurderte sin egen autoritet som veileder, eller med andre ord undervurderte sjølstendigheten og integriteten hos kritikeren. En kan spørre om dette henger sammen med at kritikeren var kvinne i 30-åra, mens Sletto sjøl var en mann i 60-åra, en kjent og anerkjent folketaler, folkehøgskolerektor og forfatter med mange utgivelser bak seg.

La oss kjenne på den raskt stigende temperaturen i to tidlige henvendelser fra Sletto:

Geilo 31.10.51

Magister fru Otlu Alsvik.

Sender Dykk ei lita bok um ein gamal ungarar...som De veit eit heller lite kjent folkeslag. Eg vonar at De på vegne standet vil lesa boki umstendeleg og skrive litt i DT. Men hugs at han er ikkje berre sveinkall, han er eremitt, denne Jørgen Mobakk. (Til all trygje bør eg melde Dykk at eg...forfattere altso...har vore gift all min dag, og har levt det motsette av eit eremittliv. Men eg har vore sers til vens med to sovorne rare gamle ungarar, eg har halde meg på kjend mark i boki.)

Som sagt vilde eg vera takksam om De minte publikum at boki er til.

Med vyrdsam helsing.

Dykkar



Kjære Otlu Alsvik.

Eventyrromanen min har vorte so naivt og brutalt mistolka ...like til at denne psykologiske saga er mistenkt for «politiske hensikter»...at maken kan vel ikkje ha hendt i norsk boksoga før.

Ver snill ikkje skriv um boki før De fær frå meg ei skriven analyse av boki. So kan De sjå på fem minutt um De finn boki verd å tapa eller vinne. Eg har forelese norsk og Europeisk litteratursoge i firti år, det skal ikkje bli tull, det skal eg lova.

Krinsen kring Dagbladet har sett i gang svineriet. Um to dagar skal analysen koma.

Venleg helsing.

Dykkar



(Svarbrev fra Alsvik i håndskreven kladd:)

Kjære Olav Sletto!

Takk for deres brev som jeg fikk i dag, og for den tilliten De viser meg med å sende det. Dessverre kom det for sent, min anmeldelse var allerede sendt, og sto i DT&BB lørdag den 2. des. (Redaktøren har lovet å sende Dem et par eksemplarer av den.)

Jeg skal ikke utelukke muligheten av at jeg kan ha misforstått boken Deres, da jeg følte meg svært «entfremdet» overfor den. – Det kommer visst tydelig frem av anmeldelsen også. – Å oppfatte den ganske enkelt som en psykologisk roman, falt vanskelig for meg, fordi jeg trodde å kjenne igjen tanker fra «Røgnaldsfolket». Dessuten var det inntrykk fra Deres tidligere forfatterskap som gjorde at jeg oppfattet boken så «alvorlig» som jeg gjorde – kanskje med urette, forstår jeg av Deres brev.

Ingen beklager det sterkere enn jeg selv, om jeg har misforstått «Skrinet - ». Hvis De fremdeles er villig til å sende meg Deres analyse av boken, ville det glede meg meget. Den ville ialfall sikkert hjelpe meg til å få det klareste mulige bilde av boken, og kanskje finne uttrykk ved en senere anledning.

Hvis det betyr noe for Dem, kan jeg fortelle at jeg ingen som helst forb. har med kretsen omkring Dagbladet, men prøver å arbeide etter min egen oppfatning og samvittighet.

Ærb. Otlu Alsvik

En asymmetrisk dialog

Det jeg har valgt å kalle en dialog, er tydelig asymmetrisk. Otlu Alsvik skreiv om Slettos bøker i en etablert profesjonell avissjanger; bokmeldinger pluss to store artikler, først som introduksjon til forfatterskapet i 1950, og seinere en gratulasjonsartikkel da forfatteren fylte 70 år i 1956. Olav Sletto skreiv, så langt jeg har sett, 13 private brev til Alsvik.

Dels oppfordra han henne til å omtale ei bok som var under utgivelse, dels skreiv han for å takke for omtale, eller begge deler i samme brev. Etter det jeg kjenner til, svarte Otlu Alsvik bare en gang på brevene, det brevet som er sitert ovenfor, datert i desember 1951, og da som svar på det tredje brevet hun fikk fra Sletto.

Slik er det ikke snakk om en symmetrisk korrespondanse, ikke noen direkte dialog. Likevel får denne indirekte korrespondansen, på to måter karakter av dialog. Tydeligst ved at Sletto direkte kommenterte siste bokmelding eller ga tydelige og spesifikke anvisninger om hvordan han mente den kommende boka burde leses. Sletto forholdt seg altså eksplisitt til Alsviks artikler. Men så må en spørre i hvilken grad en kan lese Alsviks bokomtaler som tilsvar til veiledningene fra forfatteren?

Det tydeligste eksemplet på dette finnes i omtalen av «Skrinet skal opnast om um hundre år», boka som Sletto i brevet fra oktober 1951 ba Alsvik omtale, men som han i desember ba Alsvik vente med å omtale til hun fikk lesehjelp i form av en «analyse» fra Sletto. Da hadde, som vi har sett, Alsviks omtale allerede stått i DT&BB under tittelen «Skrinet med det rare i». Med mange forbehold antar hun i bokmeldinga at boka inneholder et slags antroposofisk budskap om okkulte krefter. Hun finner at boka faller fra hverandre litterært, men hun holder åpent for at den kan fungere som «en slags trosbekjennelse» som kanskje kan gi mening for «likesinnede, for folk som selv eier troen på de okkulte kreftene.»

8. januar 1952 fulgte Alsvik opp med artikkelen «Olav Slettos siste bok». Innledningsvis henviste hun til anmeldelsen i desember, der hun ga «klart uttrykk for at jeg følte meg meget desorientert av boken». «Senere har forfatteren gjort meg oppmerksom på at hans plan for romanen var en helt annen. Da det har gitt meg et nytt syn på boken, vil jeg forsøke å gi et rettferdigere inntrykk av den i dag.» Alsvik gjør så rede for romanens oppbygning og intensjon, og ut fra denne nye forståelse kan hun gi den ros og ris. «Det er klart at det kleber mangler ved en roman, når den tross alle sine fortrinn kan bli misforstått og avvist som Slettos bok er blitt.» «Planen er uangripelig, men stemningen....» og gjennomføringa holder ikke.

Alsvik ble her stilt overfor et dobbelt dilemma: Skulle hun avvise Slettos innspill med henvisning til at hun hadde sagt sitt om boka, eller skulle hun finne en form på å formidle ei omvurdering av boka. Og skulle hun i tilfelle være åpen overfor avisleserne om at hun omvurderte boka etter innspill fra forfatteren? – Det enkleste ville være å avvise Sletto og fastholde den kritikken hun hadde gått ut med. En slik løsning ville være helgardert, hun ville markere uavhengighet overfor forfatteren og hun ville plassere seg trygt i hovedstrømmen i den mottakelsen boka hadde fått.

Hun valgte en mer risikabel handlemåte, men profesjonelt og etisk sett, for henne som anmelder, står den sterkere: Hun delte med avisleserne at hun omvurderte boka etter innspill fra forfatteren, hun presenterte sitt nye syn på boka med klare grunner og hun landa på ei nyansert vurdering.

Jeg går ut fra at Alsvik på denne måten må ha styrka sitt omdømme som en sjølstendig og kvalifisert kritiker, både overfor avisleserne, i kritikerlauget og i den litterære verden for øvrig. Sletto sjøl, som kjente hele prosessen bak det som kom ut til offentligheten, skulle mest av alle ha grunnlag for å verdsette og respektere Alsviks holdning.

Det kan se ut til at en slik respekt og verdsetting lå til grunn når Sletto fortsatte å sende leseanvisninger til seinere bøker: Han kunne tillate seg å gjøre det fordi hun hadde vist seg å ha både integritet, åpenhet og faglig kompetanse i tilfellet med «Skrinet skal opnast om hundre år...».

Men Slettos oppfølging med veiledning av kritikeren er såpass utafor vanlig praksis at den forteller noe mer: For Sletto blei Alsvik et kjærkomment strategisk støttepunkt; Hun ga DT&BB en kritikerstemme som kunne stå opp mot den negative oslokritikken. Det en i hvert fall kan slå fast, er at Sletto går lengre enn vanlig i en forfatters relasjon til en kritiker når det gjelder å posisjonere seg og forsøke å legge føringer på lesemåter og vurderinger.

Sletto tar særlig to hovedgrep for å overbevise Alsvik om hva litteraturen hans er verdt. Det ene er å forklare stil og struktur i bøkene slik at de framstår som litterært nyskapende og spesielt krevende. Det andre er at han stiller bøkene sine i motsetning til, dvs. høyt heva over, og suverent likegyldig overfor samtidslitteraturen ellers.

Et langt sitat fra brev datert 17.11.1952 som handler om «Tenaren» (nyutgave i 1952 av boka fra 1913), kan stå som eksempel:

«De har skjøna, ser eg, at eit diktarbeid som Tenaren er eit kjempelyft reint kunstnarleg set: Treng ein komposisjon som ikkje er vanleg, og ein heilt eigen språktone. Til å skapa den sfære og grunntone som lesaren treng, laut eg laga eit preludium, for Galilearen måtte stå liksom inne i ein høgåndeleg dis. Utan den sfæren vilde mitt Tenaribilete falle ned i det banale. Når dertil kjem at eg tilsiktar visse særlege kjenslenyanser i lesaren, og vel å vekkje desse gjennom tankestrid og tankereplikk, so lyt eg ovre meg so langt uppe i menneskesinnet, at lesaren kjem over kvardagsrøynslone sine. Her kravdest fantasi og sterk realisme i same augblek. Med andre ord: Tenaren kjendest som eit kjempelyft, det må eg vedgå. Og har eg klara sameiningi av dramatisk spenn og det tanke-lyriske, so det verkar som De segjer sist i artikkelen, har eg klara oppgåva som eg vilde. Beste takk!

Og elles står eg vel like langt frå «Kritikken» no som den gang eg skreiv mine beste ting. Annleis ser eg på språket enn samtidskollegaene gjer, kjenner rikdomen av rytme og melodiar i norsk mål, ser fantasibilete som fullt realistiske, vandrar inne i dei kammers i sjelslivet der lesaren ikkje har stytte av kroppssensasjonar og primitive driftsimpuls som i notids «kjærleiks»-dikting. Eller sosial-politisk dikting. Eg grunnar ofte over det um eg er den siste på skansen...eller er eg den fyrste? Sume tider har eg faktisk kjent meg vera føre og at det kjem fleire etter. Men lat no det vera som det vil.

Den godvilje eg vann med dei realistiske romanane mine i norsk bygdemiljø, har eg avgjort med meg sjølv at eg vil ofre. Mange vener krev at eg skal skrive i same slæpa som Røgnaldfolket. Eg kan ikkje rusle i same slæpa, eg er for intellektuelt uroleg, for kunstnarleg uroleg. For kvar bok litt av komposisjonseksperiment og litt av ny stilltone. Utan det går eg meg ikkje varm. Eg kjenner med fødd artist, reknar det for ærefullt.

Men ser sjølv sagt at det artistiske i norsk dikting er ikkje høgt akta. Veit vel at eg må gå mot nederlag. Og min byrge natur...ættetur, arv frå ei ætt med ættetavle tilbake til 1552, kan eg ikkje bøyge meg for anna enn det indre segjer ja til. Eg tek dette med Kritikken tolleg roleg og lær åt dumskallane (...)».

Envegs fortrolighet

Som sitatene ovafor viser, utvikla Sletto etter hvert en mer personlig og fortrolig tone, han gikk langt i å flagge sine intensjoner og ambisjoner. Av og til glir han nesten over i det private, som når han nedvurderer forfatterkolleger. Denne sida av dialogen var sjølsagt ensidig, i og med at Alsvik fra sin side, bare med det ene tidlige unntaket vedrørende «Skrinet...», utelukkende ytra seg gjennom avisartikler. Hun kan ha tenkt at en tovegs korrespondanse med Sletto med en form og et innhold som han la opp til, ville være uforenlig med hennes rolle som en uavhengig og – i hennes eget og tidas språk: «objektiv» - kritiker. For så vidt kan en si at Sletto ved å invitere til korrespondanse med privat meningsutveksling tilrettelegger redskap for å sage over ei grein han ønska å sitte på, nemlig en vennligsinna kritikk i regionens storavis.

Uansett hva hun har tenkt: Faktisk lot Alsvik være å svare på disse invitasjonene. Heldigvis for begge parter, kan en tenke. Om Alsvik hadde erklært seg stort sett på linje med Sletto, sjøl om hun gjorde det i fortrolige brev, måtte det være vanskelig for henne å fortsette som uavhengig bokanmelder uten å gå på akkord med seg sjøl. Skulle hun derimot tone flagg i både enighet og uenighet med Sletto, ville det være vanskelig for Sletto å fortsette denne korrespondansen i en form som han tydeligvis hadde både interesse av og behov for.

Ja, en kan få inntrykk av at Sletto hadde et sterkt behov for å få ytre seg fortrolig til en person i litteraturbransjen. Trass i at Sletto gjentatte ganger erklærte seg suverent heva over det litterære liv, kan det virke som den indirekte og asymmetriske dialogen med kritikeren i Drammen ga han et hardt tiltrengt rom for å iscenesette seg i sitt eget bilde. Det er ikke noen ydmyk mann han framstiller. En mann med sjølbilde av slike dimensjoner, må ha tørsta etter revansj over kolleger som fikk en lettere seilas medstrøms i tidas litterære stil. Noen av dem tilhørte jo samtidig kritikerkorpset og var blant dem han måtte heve seg over.

Gratulasjon og takk

21. juni 1956 fylte Olav Sletto 70 år. Drammens Tidende markerte dette med en stor artikkel av Otlu Alsvik to dager før Dagen. Her tok Alsvik opp tråden fra den første store artikkelen i 1950 ved å presentere Sletto som en dikter utafør den moderne litteraturen, som idealist og romantiker i en realistisk og psykoanalytisk orientert epoke. Hun plasserte derimot Sletto som en slektning av Inge Krokann og Olav Duun, ved det at han «kunne fortelle om enkle folk i en fjellbygd og likevel gi leseren del i menneskehetens utviklingsvei.»

Alsvik ga i artikkelen Sletto nok en gang anerkjennelse som en dikter med breie kunnskaper, stor følsomhet og sterk bevissthet om komposisjon og språk. Han har vel som alle andre sine begrensninger og svake sider, skreiv Alsvik, men «den som går til Slettos verden, vil møte åndsverdier av sjelden valør og gå rikere tilbake til sitt eget igjen.»

Dagen etter Dagen svarte Olav Sletto med et takkebrev i handskrift og i sin vanlige sjølbvisste form: «Hjarteleg takk for den sers skjønnsame artikkelen til 70-årsdagen min. Ingen har set djupare inn i diktiingi mi, enn De gjer her.» Underforstått: Rosen De gir, er vel fortjent, sjøl om den ikke lodder helt til bunns.

Oppsummerende dokumentasjon

For å underbygge og konkretisere drøftinga siterer jeg her hele det lengste brevet, som Sletto skreiv om høsten etter at han hadde fylt 70 år:

Kjære fru Otlu Alsvik.

Hjarteleg takk for at De hugsa på boki mi i år og, De skreiv ein klok og god artikkel i Drammens Tidende. (Boka er «På høgt berg», andre bok i Olver-serien, som utkom i 1956. ES) De er eit fint og trufast menneske, det kan De helse gemalen med...i frå meg.

Heilt rett at det er freistingsberget i Bibelen som står bakum boki. (Eller rettare sagt er det freistingsbolken i Tenaren, andre utgåva (som er første bok i Olver-serien, utgitt i 1955. ES) som ligg bakum, likeeins freistingspsykologien i Loke (romanserie av Sletto fra 1910-tallet. ES). Eg er nemleg ekspert i freistingspsykologi, og har tumla med det frå ung av, fordi eg sjølv har opplevd freistingslivet i alle fine nyansar.)

P.h.b. (På høgt berg. ES) er berre fyrste halvpart; Olver i Kjøbenhavn, det kjem ei ny bok som og går for seg i Kjøbenhavn. Arbeidstitelen er: «Gåtefull slagskugge. Folkehøgskulane fær lys over seg, det gjer dei, men på ein ny måte som ikkje har vore brukt før. Men måten er verksam. Og det viktigaste av K-upplevingane kjem med i dette bandet.

Men lat meg so gjera merksam på komposisjonen av dette Olver-verket, kor fårleg glatt is eg har våga meg utpå: Eg skal syne indreliv med minst mogleg ytrehistorie, må difor ha alt plastisk og klårt og aktivt og gje fullt spel for gemyttet i Olver. Aktar eg ikkje vel på dette, kunne det lett bli same dyptepsykologiske suppedassen som hjå t.d. Christiansen i Drammen. Det klåre konturfaste kjenner norske kritikkarar for kjøleg, det heilt gjennom arbeidde kjenner dei mindre djupt, endå sanningi er at det klåre er det varme; .. diktaren har vore so varm at han har teke formkampen upp på liv og død, og teke til hjelp både sin estetikk, vilje og intelligens, til det står klårt at han er eit menneske med indre syn...som er den verkelege dypte i diktingi.

De skjønar kor vurdlaust eg vågar meg ut!...som ikkje vil vera moderne tåkute!

Vanske nummer to: Eg gjev Olver med hans ungdom, naturlege inngrensing, fører ofte låtten over han, syner hans feil saman med hans gode sidur, alt like naudsynt for det samla bilete. Her er sume av mine vener misnøgde, det er å gjera narr av seg sjølv, meiner dei. Og ingen norsk memoarforf. har gjort det før.

Sjølvsagt lær eg åt so mykje uforstand.

Vanske nummer tre: I Olververket må handlingi ikkje vera tradisjonell klemming av kvinnekjønnnet, endå mange hadde likt det. Handlingi er tankar som fødest eller døyr, kjenslor som vaknar og fortonar seg i alle slag vakne stemningar, viljedrag, innsyn og utsyn og åndelege åpenberringar, dette som verkeleg er handling og drama. Og ser De etter i «På høgt berg», ser De straks at boki er sprengfylt med Handling. So sprengfylt at sumstad har det vore kunstnarleg fårleg. (Mang ein sokalla kritikkar vilde kanskje kalla boki handlingsrik og spanande i fall Olver hadde kyst ti smågjentor, valdteke eit par rikmannsfruar, slegest med kelnarar og politi, drukke upp alle pengane sine...for ein spontan kunstnarnatur!...Herregud, me er eit ungt kulturfolk her heime på garden!)

Kjære fru Alsvik, skjønar De kor eg har vågt meg ut...med vetende og vilje...med synet mitt på handling?

Vanske nummer fire: Tapar eg slaget, forvillast eg i min eigen kunstnarvilje, då drattar eg ut i romanen...med romanintrige og det heile. Og på hin kanten: gjev eg boki for mykje krønikkeform...som liksom er det vanlege for memoarar, so dett eg utover der. Her må eg balansere på ein knivsegg, forstår De, for Olver-bøkene skal ha si eigi form...som eg var heppen nok til å oppdaga, men eit episk kunstverk på sin måte. Her har alt tullebukkar vore framme og i god vilje kalla Olverbøkene roman! At eg vart so sinna, då eg såg det, at eg hoppa på stolen, det tenkjer eg at De forstår.

Eg er, med tanke på all denne fåre...sers forundra over at «På høgt berg» har vorte so godt motteke av alle dei kritikkarane som hittils har skrive. Eg har verkeleg siger med boki. Og berre no salet kunne bli so pass at forlaget torer prente seinare band,

er eg storleg fornøgd. Eg har ikkje sett høgre mål utetter, og krev ikkje meir av verdsens fyrste, (develen til Hallesby), enn at eg må få prente mine ting so lenge eg skriv so godt at eg sjølv kann godkjenne det.

Og takk skal De fru Otlu ha som no i mange år har skrive skjønnsamt om arbeidet mitt.

Med takk og helsing.

Dykkar



E.S. Kunde De på ein eller annan måte få «Urd» til å gje melding av boki mi?. Helst ville eg ha Dykkar penn, men De blir vel lei av Olver...og meg.... og alt klassisk avklåra. Eg flytter meg ikkje frå Geilo, sit med mine «glückliche Augen» og ser og ser, og har det bra. Og gjer ikkje dei andre noko for bøkene mine, so blir det ingenting gjort.

Hertil ein takk for at De tok Sigurd Hoel litt i romankragen, (busserullkragen meiner eg), det trong han. Men det der var han ikkje van med.

Kunde De gje nokre fleire eit klaps, vilde eg setja pris på det. For då fær eg og ha det moro, kan slå meg litt vondskapsfull og segje vittigheiter til Karin, (kona), ho vil gjerne få læ, ser lyst på livet.

O.S.

.....

Kilder:

Otlu Alsvik: 12 artikler om Olav Sletto i Drammens Tidende og Buskerud Blad 1950-1963.

Olav Sletto: 13 brev til Otlu Alsvik 1950-1963.

Kaare Haukaas: Bibliografi over bøkene av Olav Sletto og bokmeldinger i norsk presse.

(I Dal Reinton: Ei bok om Olav Sletto, Samlaget 1966).

Litteratur:

Johs. A. Dale og Lars Reinton (red): Ei bok om Olav Sletto. Samlaget, 1966

Irene Iversen: Presentasjonsartikkel om Otlu Alsvik (I Norsk litteraturkritikk historie 1870- 1910), Universitetsforlaget 2016.

Årshefte 2017 Olav Sletto-selskapet.

So mykje som 8 dagar kan eg vel spandere på min fødedal.

Olav Sletto på taleferd i Hallingdal vinteren 1915.

Brevartikkel tilrettelagt av Eva Almhjell.



Foto: Privat

Eva Almhjell (f. 1945), sosiolog med historie og tysk i fagskrinsen frå Universitetet i Oslo. Bustad i Hovet og Tønsberg. Mangeårig røynsle som journalist (m.a. fra NRK), web-redaktør og arbeid med utviklingsprosjekt i Norge og Europa.

Frå 2012 leiar i Olav Sletto-selskapet, med fokus på kvinnene i Olav Slettos liv og dikting. Ho ga i 2015 ut bok om mor hans saman med Jørn Øyrehagen Sunde: "Anne Sletto – eit kvinneportrett" (Boksmia 2015).

I 2016 starta prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet», der målet er å transkribere, skanne og lagre dette viktige arkivstoffet med tanke på publisering.


Brevartikkelen under er tilrettelagt av Eva Almhjell.

I åra 1912 -1917 budde Sletto med kona, Karin Sletto (f. Bryde) og etterkvart tre barn i Vollen i Asker. Heimen sin kalla dei for Vesleheimen. Brev mellom han på reisefot og kona, som sit i heimen, fortel mykje om Sletto sitt liv som talar, og Karin og barna sine liv der heime. Nedanfor gir vi att breva frå ei taleferd i Hallingdal vinteren 1915.

Eg har laga mellomstikk (i kursiv) som m.a. gir glimt frå hendingar innan og utanfor Hallingdal det året då taleferda fann stad. Taleferda i Hallingdal er også festa til kart til slutt i denne artikkelen (utsnitt av Norsk Jernbanemuseum sitt kart over Bergensbanen omkring 1915).

Innleiing

Olav Sletto (1886-1963), forfattar og talekunstnar frå Hol i Hallingdal, gjorde i åra 1910-1917 meir enn 70 taleferder i heile Sør-Norge.



Garden Sletto, Hol i Hallingdal. Foto: L. Reinton 1966/Hol Bygdearkiv.

Olav vaks opp i enkle kår, slik vanleg var på fjellgardar på slutten av 1800-talet. Han var «uægte barn», og budde hjå besteforeldra i Sletto/Hol. Sers gløgg som han var, sytte bygdas gjeve menn for at han kom på vidaregåande skular: Voss folkehøgskule (1903) og Notodden lærarskule (1907). I 1908 debuterte Olav Sletto med boka «Dei gamle», til stor fagnad i hovudstadspressa.

I 1911 vart Olav borgarleg vigd til Karin, i det dulde. Fram til sommaren 1912 hadde han si base i besteforeldreheimen i Hol. I åra 1912-1917 var det Asker, 1917- 1923 Fiskum, og Romerike fram til 1946. Hallingdal var hans fødedal, som han forlet som 17-åring, og som han vende attende til fyrst som aldrande mann. Jaga ut av styrbustaden sin i Sørumsand av tyskarane, budde Karin og Olav Sletto under heile krigen på Bingen gard på Romerike. Då freden kom vart dei huslause. Det la seg slik til at mor hans døydde sommaren 1946. Huset sto derfor tomt då Slettos sto utan husvære, så Olav tok kona med og flytta inn i mors hus, «Villa Lunde» på Geilo.

Mor, Anne J. Sletto, hadde vore tenestjente i Vestfold og kome heimatt ein gong mellom 1901 og 1910. Då Olav vitja Hallingdal i januar-februar 1915, var mor hans vaskekone på Dr. Holms Hotel på Geilo.

Olav Sletto, denne vakre yndlingen, runne av storslått fjellnatur og tradisjonsrik bondekultur i heimbygda, veit kva han vil – og må: Han har eit kall – han vil og må bli forfattar, ein som diktar med varme og godheit - og stor bjørnsonsk ånd. Olav veit også kva han vil i kjærleiken, og var sers målretta og handlingsdyktig i møte med Karin Bryde. Med Bjørnstjerne Bjørnson som det store førebiletet, var han åndeleg orientert frå han var liten. Tungsinn var tidvis ein følgjesvein. Dessutan var han ein mann som ville ha full kontroll over eige liv, og livet til sine næraste. Om han også meir vart åskodar enn deltakar i livet står att å finne ut. Brevet er ei gullgrube for den som vil forske på Olav Sletto.

Han var ein meister i å isceneseta sitt eige liv og samliv. Det går fram av breva frå taleferdene desse åra (fram til 1918). Kvinneidealet hentar han m.a. frå fjellbygda, frå Pytagoras og Goethe: Eit kvinneideal utan jåleri, men med vekt på moderskap og «das ewig weibliche». Kvinneleg skulle ho vera. Madonna og dronning i sitt eige rike, husmor, men viktigast av alt: Ho skulle vera mor, for Olav og for barna – i heimen. Og berre der! Sin eigen vilje skulle kvinna bøygja under mannens! Slik, og ikkje annleis!



Foto: E. Almhjell 2018.

Kai Fjells «Morgen» (1939/1943). I dette måleriet uttrykker han på sitt vis det djupaste i Olav Sletto sin store morslengt, draumen om det han sjølv ikkje fekk som barn. For Kai Fjell var kvinna, og moderskapet i serklasse det han hylla. Det var kvinna og barnet som var stammen i livstreet. Ein kan kalle det Olav Slettos morslengt og -sagn i fortetta målarisk form.

Eigaren, Pål G. Gundersen, Vestlia Resort, Geilo, har gitt Olav Slettos moderskapet lov til å nytte bildet. Vi takkar!

Breva som er gitt att her, er frå taleferda i Hallingdal vinteren 1915. I Kristiana markerte kvinner med nyvunnen stemmerett den internasjonale kvinnedagen 8. mars, men det var helst fredsbodskapan dei bar fram. Det var krig i Europa. I april vedtok Stortinget De Castbergske barnelover, som ga barn fødde utanfor ekteskap same rett som ektefødde til fars namn og arv – for seint for Olav og halvsyster hans, Jenny, men eit viktig steg for jamstilling mellom barn fødde i og utanfor ekteskap.

Fyrste verdskrigen utfalde seg i all sin gru ute i Europa. Anders Mehlum kommenterer lakonisk i bladet sitt, NU, at «Krigen staaar på Stedet March! Olav Sletto var spesielt opptatt av utviklinga i Tyskland. Han hadde vore på studieferd i landet (1909) og uroa seg over det han opplevde der. I 1914 ga han ut den vesle boka «Um Tyskland», der han analyserte det som viste seg koma under fyrste verdskrigen, men som fyrst retteleg falda seg ut i all sin groteske gru med Hitler og holocaust under andre verdskrigen.

Her heime var det ellers jobbetid for dei få og dyrtid for dei mange. Skipsreiarbrørne til Karin Sletto tente gode pengar. Det kom også den vesle familien i Vesleheimen til gode. Karin vart tilgodesett med kr. 200 i månaden [tilsvarar vel 8000 kr. i 2018], så ho skulle overleva saman med «den fattige litteraten sin», skriv Lars Reinton. Kjelda gjekk tom då verdskrigen gjekk mot sin slutt.

I Vesleheimen følgde dei nøye med kva bøker som kom ut. Karin las mykje. I breva viser ho seg som litterært skolert og ein skarp og morosam kritikar. Vi les referansar til Undset, Kinck, Duun, Bull, Hamsun, Obstfelder, Collin o.fl.. Og sjølvsaugt klassikarane, framfor alt Goethe. Olav Sletto, stadig på reisefot, spring på kino radt høvet byr seg, t.d. mens han ventar på skyss ut til øyene vest av Ålesund. Han var levande opptatt av film.

Krigen sler inn i brevvekslinga. Litterære hendingar likeså. Ellers var det livet i heimen, Karins familie og bygda Vollen som var tema i Karin sine brev.

Medan mannen var på taleferd, sat Karin i Vesleheimen, med to småjenter under 3 år. Ho kjende seg ikkje trygg aleine heime (sjølv med pige). Ho sakna mannen sin.

Kvinnekampen gjekk ikkje upåakta hen blant damene i Bryde-familien, og dei ga Karin støtte i saker ektefellene var usamde om, t.d. rom for Karins behov for å utvide Vesleheimen og opne dørene for «missionsbarna» i Vollen. Dette var han redd for, og når han vart redd, vart han emosjonell, irrasjonell og rasande. Fjernkontrollen over Karin fungerte openbertt ikkje optimalt – for Olav Sletto! Han vart ufin og kalla damene i Bryde-familien for «kjøtskrottar».

Men nærkontrollen han hadde trong for vart hemma av taleferdene, som var viktige for familiens økonomi, og for Olav Slettos maskuline identitet som overhovud og «eineforsørgar» i familien. Når han ikkje var på taleferder, skreiv han bøker, som han selde på turane sine. Det kom ei bok omtrent årleg, så då han var i Hallingdal kunne han ha hatt med – forutan debutboka «Dei gamle», «Sanddal» (skodespel 1910), «Smaaord» (1912), «Tenaren» (1913) og kanskje «Um Tyskland», som han ga ut i 1915. Sletto selde mange bøker på taleferdene sine, sjølv om dei fleste fekk elendig kritikk eller vart «nedtagd», som han sjølv kalla det, i hovudstadskritikkane. I 1914 arbeidde han med storverket Loke. Den fyrste av i alt fire bøker (Domen) kom også ut i 1915. (Rekkefølga er seinare endra, så Domen vart bok nr. 2).

Ungane i Vesleheimen

Karin er ei mor som ser ungene sine. Då Olav var på taleferd i Hallingdal 1915, hadde ho to småjenter, og venta det tredje barnet når som helst. Om Eva (f. 6.9.1912) heiter det at «hendes kall blir at overstraale». Randi (f. 8.1.1914) var den sindige. Ho trengte hjelp med bein som ikkje heilt ville bera henne då ho var liten. Eva vart skodespelar, Randi sjukepleiar. Foreldra hylla kjærleiken, og barna.



Kathrineborg i 1890-åra. Are von der Lippe har gitt Olav Sletto-selskapet lov til å nytte bildet. Foto: Privat.

Karin Sletto (1884-1965)

var dotter av skipsreiar Johan Maurits Bryde og Karen N.H. Eriksen i Sandefjord, yngst i ein søskenflokk på 12. Ho vaks opp på Kathrineborg, eit borgliknande hus med tårn (sjå bildet). Far sin mista ho som 15-åring. Lang og slank, ei mørkhåra skjønnheit, som søkte det åndelege, og som slik sett skilte seg ut frå sin materialistisk orienterte familie.

Plaga, skriv ho i fleire brev til Olav i 1911, av djup einsemd. Ein tidvis religiøs grublar. Familien fann henne «sær». Olav kalla det «saar». Ho kjende seg framand blant sine eigne, men familien stilte opp for den minste i søskenflokk, som vi har vist.

Karin ville helst budd nærmare byen, tettare på familien sin, trass alt. Vollen var for langt ute på landet for henne, og gjorde at ho opplevde den indre einsemda meir påtrengande. Den gjorde henne tidvis nedstemt og tungsindig. Ho følgde godt med i den litterære verda, var litterært skolert, hadde sans for Ibsens kvinnekarakterar og las både eldre norsk litteratur og nye bøker som kom ut. Eit par år i sin ungdom budde ho hjå ei eldre syster i Tyskland og lærte seg tysk. Karin var utdanna kunstveverske ved Notodden lærarskule (1902). Solid planta som ho var i borgarleg kultur og velstand, hadde Olav lite stille opp med på det feltet, men han var henne intellektuelt overlegen. Det nytta han til fulle i det ein godt kan kalle den ändelege oppsedinga av Karin. I breva instruerer han henne i kva ho skal lesa, kven ho kan ha sosial omgang med osv.. Olav Sletto var tidleg ute med fjernundervisning!

Den store kjærleiken!

Det var på Notodden lærarskule ho såg han fyrst, då ho var elev eit par årsklassar over han. Men treffet, gjorde dei fyrst under eit elevstemne forsommaren 1908. Ho hugsar det som vart ho fortrylt. Det skulle likevel ta fleire år før dei vart eit par. Sosiale og økonomiske stengsler måtte, som nemnt, forserast. Det var eit heilt drama! I brev til Olav Sletto våren 1911 minnest Karin møtet mellom dei slik: ...Vi staar der, vi to og jeg tør næsten ikke se paa Dem – langt mindre spørge: "Hvor mange gange skal vi nu gaa rundt, før vi mødes?" Og jeg hører endu Deres sikre, klangfyldte svar, som jeg desværre kun kan oversætte: "Første gang saa mødes vi, men skilles – anden gang saa mødes vi og skilles ikke mer." Ho hadde reist til Notodden med håp om å sjå han att, "gutten fra den gang". Karin skriv dansk.

Sky, men modig, gifta ho seg fyrst borgarleg (og hemmeleg) med Olav Sletto i juli 1911. Då ho etterkvart røpa det for familien, spanderte dei fyrst eit halvt års bryllupsreise på dei til København. Og så var dei der heile vegen med støtte til familiens yngste. Den nygifte og stupende forelska Olav skreiv bøker – også i København, sjølv om han hadde lova å seta kjærleiken framma skrivinga – før dei gifta seg. Han har eit *kall*. Han er forfattar.

Var relasjonen mellom Olav og Karin ein mèsalliance? Ja, men ikkje unik! Mange rikmannsdøtre gifta seg med fattige litteratar den tida, t.d. Per Sivle, Alf Larsen, Johan Bojer m.fl.. Og dette var den store kjærleiken – utan tvil, men kjærleiken er no så mangslungen. Kyrkjeleg vigde vart dei sommaren 1915 i Asker. For strategen Olav trakk det nok ikkje ned at Karins familie var velståande, sjølv om han prøvde dølja det for omverda (jf. Olver-bøkene). Men det gjorde det vanskelegare å kontrollere måtehald, i heimen.

Kjærleiken deira var del av eit felles verdigrunnlag, tufta på m.a. Bibelens lære, dei gamle grekarane og Grundtvig. Det var dygder som nøysemd, måtehald og sindigheit – det dei i antikken kalla *sofrosyne*. Men kor nøyksam, og kor mykje måtehald? Det var det ikkje alltid like sjølvsgatt for to med så ulik bakgrunn å einast om.

Då Olav og Karin kom heim frå København i januar 1912, hadde dei ingen sams bustad. Fram til våren 1912 budde brura hjå mor si i hennar nye bustad, Roligheden, i Sandefjord. Brudgommen held, som nemnt, fram med å bu hjå besteforeldra i Sletto i Hallingdal. Dei nyvigde venta sitt fyrste barn. Det vart mange tårer og såre kjensler før dei sommaren 1912 flytta til «Skjæret», landstaden til Karins bror, Gottfred Mauritz Bryde, i Vollen i Asker. Hjå han fekk dei så eit par mål tomt av same eigedom. Bror Johan og mor Karen (lån-te) dei pengar til å byggje. Huset på 80 kvm. skissa Karin sjølv. Det vart tufta i mars, og rett før barnet kom, 6. september 1912, flytta dei inn – i ein heim som på langt nær var ferdig – korkje inne eller ute, og truleg utan innlagt vatn og elektrisk lys. Karin nytta hesteskyss til ærend i bygda. Den førstefødte vart ei jente. Eva kalla dei henne. Ho fekk etterkvart tre søsken. Nummer to, Randi, var berre året då far tok ut på taleferd til fødedalen sin i januar 1915. Bjørn kom rett etter taleferda i Hallingdal. Den siste, Irene, kom til i Fiskum i 1919.

På 29-års-dagen sin 21. juni 1915, gifta Olav og Karin seg kyrkjeleg, samstundes som dei tre barna, Eva, Randi og Bjørn vart døypte. Olav nytta fleire gonger åremålsdagen sin til viktige markeringar, og å seta i gang nye prosjekt.

Taleferdene



Slettos oppdragsgivar var Noregs Ungdomslag, og den dei sende var kjent som ein stortalar. Han lærte sitt tema til botnars – utanboks - og brukte aldri manus når han tala. Av breva går det fram at han tala om mange tema, blant dei Ibsen, Bjørnson, Hans Nielsen Hauge, um tilhøva i Tyskland og Europa, Michelangelo, og andre, som ikkje er bevart i arkivet. Slutten var med få unntak alltid open. Den laga han i samspel med publikum, som han hadde stor respekt for. Talane var reine kunstverk, bygde opp som eit stykke slåttemusikk, seier professor Jørn Øyrehaugen Sunde ved Universitetet i Bergen. Han har analysert 28 av dei temaene Sletto tala om. (Tala hans på Olav Sletto-dagen 2017 i Ål kulturhus er lagt ut som lydfil på www.olavslettoselskapet.no)

Ferdaskildringane Olav Sletto sende heim til Karin synte ein mann med eit vakent blick og ein skarp penn. Han tok ofte både folk, stader og situasjonar på kornet – på godt og på vondt. Brev har høg litterær kvalitet. Karin kledde sitt «eneste menneske» opp. Ho var stolt av han! Han var vakker og velkledd, og tok seg godt ut på talarstolen, noko han sjølv ga uttrykk for då ha held tale på Dr. Holms Hotel på Geilo 30. januar 1915. Han bar ei «fløielstrøje» som Karin hadde sydd til han - over drivende kvite kragar og skjorte. Fagleg suveren som han var, hadde han aldri kjent seg så sterk og vakker, skriv han! Og forsamlinga hadde han i si hule hand.

Vêr og føreforhold skifta titt, og ferdene kunne vera alt frå sledefart i stille, vakkert vinterlandskap til forrykande storm, frå bitande kulde til vermande solskin, frå holke til regn og sølevegar i vårløysinga. Togturane kunne bli kalde vinterstid. Karin hadde vove eit «reiseploid» til Olav for at han ikkje skulle fryse. Han budde fint, hjå gjeve menn og (stor)bønder på landet og gode hotell i stasjonsbyar og byar. Han skreiv så ofte han kunne, og sjølv om han klaga, likte han stå på talarstolen. Og – han slapp barneståk i heimen. Han treffe mange folk han kjente frå skuletida og ellers. Skildringane vart etter forholda – frå oppstemte til nedtrykte, ironiske og morosame, og sytande.

Karin var, som nemnt, opptatt av det nære i heimen og bygda Vollen, ungane, familien, pengesuter, vegbygging, tilgang på vatn og ved, praktiske ting ho hjelpte Olav med, t.d. i deira private forlag Ringen, som nok Karin hadde finansiert, og som ho lenge administrerte. Humøret svingar frå det høgspente til det svartsynte. Økonomiske bekymringar var det alltid. Pengane gjekk fortare ut enn dei kom inn. Det var eit risikomoment som plagta henne i alle år!

Avstandane den gongen var store, reisetida lang. Togturen mellom Kristiania og Trondhjem tok t.d., skriv Sletto, 18 timar i 1915. I 2015 tek same turen 7 timar. Transportmidla var helst hest og slede i innlandet, ro- og fraktbåtar og ferjer langs fjordane i vest – og tog der det var mogleg. I 1909 vart Bergensbanen opna. Samstundes slo Dr. Holms Hotel på Geilo dørene opp for «luksusturistar». Olav Sletto tok toget og han budde på «dette europæiske hotel». Mor hans spanderte!



Faksimile av brev mellom Olav og Karin Sletto under taleferda i Hallingdal vinteren 1915.

Brev som livsform

Breva mellom ektefellene var avgjerande viktige for dei begge, det vart deira livsform under taleferdene haust og vinter. Dei hadde skyhøge forventningar til kva samveret mellom dei skulle vera. Dei streba mot det «fuldkomne». Som åra går, avdekkar dei også usemje og sorg over ikkje å nå kvarandre slik dei forventa når dei var saman sumarstid, jul, påske. Det er som var dei kvarandre nærast når dei var borte frå kvarandre, slik Tor Jonsson seier det så inderleg i diktet «Når du er borte».

Postgangen var ei søge for seg. Dei var henviste til ein postgang som igjen var avhengig av både vêr- og andre forhold. Brev vart ofte skrivne fleire gonger i veka, men gjekk ikkje alltid beinveges. Av og til vart dei liggjande på vent fleire dagar - til stor frustrasjon for både Olav og Karin! Dei vart beint ut sagt mistruiske til kvarandre om breva ikkje kom så ofte som dei ville, og det til trass for at dei var vel kjente med den ofte håplause postgangen! Også i Hallingdal. Det var eit slit!

Olav Sletto har sjølv rydda breva og dermed bestemt kva ettertida skulle få vita

I Sletto-arkivet fins fleire hundre brev, manus, avisutklipp m.v. Det er Olav Sletto sjølv som har bestemt kva han ville skulle takast vare på for ettertida. Det han ikkje

ville la falle i framande hender, brende han truleg, slik han sjølv sa han ville (jf. Olverbøkene og Lars Reinton). Det vi gir att her er altså klargjort av forfattere. Om Karin er spurt til råds, veit vi ingenting om. I alle høve gir vi derfor ordet til hovudpersonane sjølve, Olav og Karin Sletto. Ortografi, setningsbyggnad, tegnsetting m.v. er som dei sjølve har skrive det i breva.

I tillegg er breva lett redigerte av Eva Almhjell. Vi beheld det vi meiner gir auka kunnskap og innsikt i forfattere Olav Slettos liv, og dermed i diktinga hans, mellom anna det som går fram om folks levkår på begynnelsen av 1900-talet, heime og ute, transportform, vêr- og føreforhold, postgang, korleis taleferdene gikk med fram møte av publikum, omsetning av bøker, relasjonen mellom ektefellene, og korleis staa var i Vesleheimen hjå Karin og barna. Det mest private i breva er likevel tatt bort.



Olav Sletto, måla av Mimmi Falsen 1909. Foto: Hol Bygdearkiv

Taleferda starta nederst i Hallingdal – og på botn kva gjeld fram møte, og dermed inntekter. Herfra kunne det då berre gå oppover, både geografisk og på anna vis.

Og, skriv han, ... «So mykje som 8 dagar kan eg vel spendera på min fødedal». Brevet var datert

Børtnes, 27.1.1915

Kjære Karin vivet mitt!

Min tur gaar skidt. Paa den andre sida godt. I Drammen 15 kr. Flaa 13,60. Børtnes 9 kr. er fortenesta. So kjem ferdautleggi til. Ja i Flaa var eg gjest ... hjaa handelsmann Tufte... Men her eg no er maa eg betala... Ein ting kann eg trøyste meg med, at det vert betre lenger upp i dalen. No skal eg til Nesbyen. Og eg har von til at det vil gaa godt i dag.

Kvi gaar her so tungt? Den hallingdalske maalkamp. Dette at plakatorne er paa landsmaal skræmer mange, fortel dei meg.

Nok av det. Eg er glad for det at eg tok ferdi. So mykje som 8 dagar kann eg spendera paa min fødedal – og reine utleggi har eg alt faatt inn, so eg kjem ikkje til aa tapa pengar. Heller daa til aa tene litegrand. Og eg laut no gaa denne vegen likevel til Hardanger. ... Men ver no roleg, kannhende at eg um tvo dagar har tent retteleg bra. Klaus Sletten har vore her – han hadde 8 mann. Eg hadde 30 i gaarkveld. ...

Tusen kyss, og godt fang! Eg er so ottefull kvar kveld og legg meg – avdi eg er so langt burte fraa heimen. No daa me ventar smaaguten. Men eg trur at det gaar bra – ja lett denne gongen.

Din trufaste mann.

Hallingdal er ein merkeleg dal! For hundre år sidan tala det store fleirtalet ei dialekt som låg tett opp til nynorsken. Venstre hadde vind i segla på denne tida, eit parti som var nasjonalt orientert, for landsmålet, for bonden, for kristen oppseding osv.. Men høgresida med autoritetstru og (språk)konservative bønder og ulike slag embetsfolk hadde openbert stor innverknad, kanskje mest i nedre delar av dalen, der gardane var større enn lenger oppe og der tettheita av embetsfolk var størst. Bondekonservatismen, som Olav Sletto ellers hadde stor sans for, slo kan hende feil ut her?

Gol, 29.1.1915

Kjære gullet mitt – helsing til alle!

No er eg her i Gol hjaa Hagen [ein stor gard i Gol]. Godt med tilhøyrarar i gaar. Har det svært gildt. Olav Brusletto er her ogso. Me har havt det godt og gildt i kveld og i dag. No skal eg til Hemsedal straks. Køyra. Skal betala mykje. Men det vert mange folk i kveld.

Skal helsa fraa Hagens, Brusletto. Har nett snakka um at borni heiter Eva og Randi o.s.fr. ... Skal skriva meir i morgon.

Din trufaste mann!

Vesleheimen, 29.1.1915

Kjære, kjære manden min!

... Saa det gaar "skidt" med foredragsturen. Drømmen den var kanskje at tage bogstavelig! Aanei, inden du er færdig med den, er du nok fornøiet. – Der kom brev fra Ola Perstølen. Jeg lader det ligge hjemme. Men disse lappene fra "Ringen" faar du kvittere straks og sende ind. - - - [EA: Ringen er Slettos private forlag – truleg finansiert av Karin].

... Op til Sletto tager du vel ikke før du er færdig i Hallingdal. Bring dem alle vore varmeste hilsner. Om ikke andet, saa en liden tur med barna til Hallingdal i sommer. Kjære, var du hjemme igjen! Men Hardangerturen blir vel den egentlige aa bygge paa, der hvor du samtidig kan faa solgt bøker. - - -
Al vor varme!

Dit trofaste viv.

Vesleheimen, 30.1.1915

Kjære, snilde manden min!

Tak for gode brev! ...

I dag er du paa Geilo. Og snart i Hol. Det er saa underlig for mig, naar jeg i tanken ser dig tilbage i Sletto. Jeg ved ikke, om det blev, som du drømte det deroppe – ved bare, at jeg holder saa usigelig af dig. Og jeg kjænder mig saa lykkelig over, at du tog dit op. For saa faar de kjende sig mer trygge og glade – de gamle. Din søster maa du ogsaa hilse fra mig, ligesaa Reinthon og Brusletto!

Al vor varme ...

Dit **trofaste** viv

Torpo, 31.1.1915

Kjære vivet mitt!

Eg tenkjer so paa deg og barna, baade natt og dag, kann eg segja. ...

Hadde ikkje telefon vore stengt no fyremiddag, so vilde eg ringt deg upp.

For desse dagarne har eg teke inn 109 kr. og nokre øre, og so har eg dei 3 beste kveldarne att. Det har ikkje gjenge ille. Eg ser det vil løna seg aa reisa paa inngangspengar. Tenk no det, at min tur hadde vore 30 fyredrag i stadenfor 7. ... so ser ein kor mykje meir ein tenar paa dette i grunnen. – for dess fleire fyredrag – dess mindre utlegg fall det paa kvart fyredrag.

No ventar eg brev i dag fraa Perstølen! ...

Eg kom ikkje til aa reisa til station Aal i gaarkveld til Perstølen. Eg la meg til aa sova her paa hotellet. No skal han møta upp paa aalingstoget, so fær me talast med 10 minutt paa Aal. Det ser ut til snø - men i kveld vert det mange folk på Geilo.

Er du ottefull – so bed meg koma heim, og eg skal koma. Eg kann heller reisa so mykje lenger til vaaren. Kann daa skyna det! ...

Din trufaste mann.

Alle folk er festlege og snille. Turen er gild i so mange maatar.

Geilo, 1.2.1915

Kjære Karin, vivet mitt, alt eg elskar!

Geiloturen vart forunderleg. Paa stationen møter Ketil Gullstein, og so um litt kom mor! Eg skulde vera mors gjest paa dette europæiske hotel. Ja vel. Eg fær flott rom.

... Mor fylgjer ikkje meg paa hotellet – for der er ho vaske- og strykekona – ho gaar heim til seg sjølv. Ho vilde vera varsam. Mor har bygt seg eit hus her like attmed Gjeilo station i ein fager bjørkelund. Nytt og umaala. Fotografiet er teke gale. Det

kostar 5700 kr. umaala. Det er 8 rom og noko til. Fint og solidt. Berre ho no kunde faa rette fargar paa det. ... Men her er eg bangen ho ikkje greider...

Mor var bljug – men frisk i hud – og vakker. Umaateleg roleg – og stam naar ho tala – men god smil. - - -

Fyrst fekk eg luns paa hotellet so laut eg til sengs. Um litt vitja eg mor. – So til middags paa hotellet. Og barbera – vaska meg - - - og kom so inn i matsalen. Det var slik toalette – kapping millom damerne, at det var reint eit syn. Dei gjekk i fulle, lette selskapsdragter – ballklædde. ... Forresten var dei stygge alle saman. So til sengs.

So fyredraget. Eg henta mor – og daa salen var proppfull av folk – mange av gjestene paa dei store hotell óg – (og heile den andre betjening paa Holms hotel, dei daglege arbeidskameratane henna) so fylgde eg mor høgtideleg til sætes paa fyrste benken – gjennom heile salen. So kasta eg min graa frakk og stod i fløyelstrøja – [EA: som Karin hadde sydd til han] drivande kvite kragar – dette var den einaste gong eg har kjent at eg baade var sterk og vakker. Halvparten av forsamlingi hadde møtt fram nysgjerrige – korleis eg vilde behandla mor vaskekona – eg som var gift inn i Brydeslegti ... Men no hadde eg sigeren heilt. – Det saag eg. Og no var eg glad, for her fekk mor uppreisning for mang ein liden tort. Fyredraget held eg høgt og fast. Jubel i salon naar eg var ferdig. I dag kom doktor Holm, og sa, at «gjestene paa hans hotel var meget fornøyet med foredraget» og beklaget at han sjølv ikkje var til stades. - - -

No kann me koma til Gjeilo til sumaren um me/eg vil. No skal me talast um det. Trur likevel at me reiser andre stader.

No skal eg nedover til Hol. Og raakar so bestefar – og alle. Det vert mykje nytt. Eg skulde i grunnen ha kome heim til deg straks no. Det vilde du hatt moro av. ... Alt eg kann fortelja.

I gaar tente eg yver 36 kr. I kveld vert det mange folk ogso.

Kjære Karin, kjære menneskjet mitt eg er so glad i deg. Mor og besteforeldre trur so stort um deg – at det er som eit dikt. Olav Brusletto og Reinthon og alle har skildra deg som eit gildare og vidunderleg menneskje. Dei elsker deg, men trur at du er so fin paa det – at dei er utrygge aa møta deg. Fritz og Mathea [skipsreiar, Karins eldre bror og hans hustru, som døydde brått og uventa i november 1915] har uppraadt so fine – og so trur dei at me er likeeins). Tusen kyss og fangtak! Kyss borni.

Din trufaste mann!

Ketil Gullstein (f. 1882) var med i ungdoms- og målarbeidet på Geilo, med sterke kulturelle og politiske interesser. Han vart ordførar i Hol for Venstre (1946/47).

Det er forvitneleg å lesa sonen si skildring av mor si. Han ser henne – med eit vakent blick. Ikkje mindre forunderleg er regien mor til Olav, Anne Sletto (gift Olsen) tek på dagen. Ho gir beskjed om at det er ho som spanderer opphaldet på sonen på luksushotellet, der ho var vaskehjelp! Så inviterer ho Olav til heimen sin, «Villa Lunde». Huset var mykje større enn det forfatarsonen hennar hadde i Asker. Ho

dreiv utleige til besøkande og folk som jobba i den nye industrien på Geilo. Ho var gründer og dreiv småskalturisme, lenge før orda var oppfunne. Og sonen kjem! Dette er truleg fyrste gongen han snakkar med mor si. Olav, fødd utanfor ekteskap, hadde i alle år eit mildt sagt anstrengt forhold til mor, og det var – og er - godmat for byggedyret!

Når kvelden kjem, er det Olav som er dramaturgen. Hadde mor og son planlagt denne scena? Slik eg har blitt kjent med desse to gjennom fleire års arbeid med brev og bøker, hadde begge to sans for det dramatiske, det gåtefulle og hemmelege, og dei visste halde tann for tunge. Han veit godt kva det er han gjer då han fører mor si «til sætes på fyrste benken» om kvelden. Slik han skildrar forestillinga i brevet, må mor og son ha fryda seg over reaksjonane i salen! Men var det berre ein gest frå sonen si side? Eller meinte han å gjera godt att misstemninga mellom dei to? Ikkje godt vita. Men dei rende i alle fall ikkje dørene ned hjå kvarandre, heller ikkje etter taleferda i Hallingdal. Så vidt vi veit treftest dei berre ein gong til før Anne døydde sommaren 1946 (Almhjell/Øyrehagen Sunde: Anne Sletto. Eit kvinneportrett, Boksmia 1915). Heilt frå livets start var avstanden stor mellom Olav og mor hans. Giftarmålet med rikmannsdottera Karin Bryde i 1911 gjorde ikkje avstanden mindre. Men dei visste nok om kvarandre, gjennom halvsystema til Olav, Jenny, som var gift til garden Uren i Hol. Mor og dotter hadde ein nær relasjon. Også Karin Sletto hadde kontakt med Jenny, og frå Hol kom det, som nemt, kjøt til Asker i smalhanstida dei no levde i under fyrste verdskrigen. Olav var likevel ikkje med i gravferda korkje etter bestemor, bestefar eller mor si, og han busette seg ikkje i fødedalen sin før mor var gått bort. Fyrst då flytta han og Karin inn i «Villa Lunde». Forfattaren trivdes i mors hus, skriv han til Lars Reinton. For Karin var Geilo ein stad å mistrivast. Ho reiste til Oslo så ofte ho kunne, budde på Bondeheimen og gjekk i teater. Hadde ho fått velja, ville ekteparet ha budd nær hovudstaden. Ho var bymenneske. Det går fram av fleire brev, og av det barnebarnet, Eva Cecilie Sletto, fortel.

Den romantisk anlagte skipsreiar-dottera frå Sandefjord, prøvde fleire gonger, både før og etter vigsla, å få vera med Olav til besteforeldra i Hol. Ho ville så gjerne helse på «de gamle», vandre i Olavs «elskede høifjeld», og gjerne under ein strålende fullmåne. Olav greidde vri seg frå det – kvar gong. Ingenting i breva tyder på at Olav nokon gong hadde Karin med til mor si, besteforeldra eller systema i Hol, eller andre stader i dalen. Dei som hadde sett Karin og refererte til henne som «den rette» for Olav, hadde truleg enten sett henne utanfor bygda eller trekt sine slutningar ut frå det den forelska diktaren fortalte dei.

Fleischer's Hotell, Voss, 4.2.1915

Kjære gullet mitt!

....Her ser du kor eg no bur – flott som eit slott.

Min tur hjaa bestefar vara berre 3 timar. Han møtte med skyss på stationen.

Bestemor var gammal. Snart lo ho, og snart gret ho. Stova liti – aa so liti, og subbe og usteltt, og golvet var snart som inne i muren. Ei mengd smaa ved og flis i ei kasse, og litt paa golvet attmed. Komfyren brende, og kaffikjelen rauk. Eg totte at det gav slikt fatigt inntrykk. Eg vart still. Men naar ho tok til aa bera mat paa bordet, so var det øl,

og kjøt, og kokt rull, fleire slag ost – og tytebærsyltetøy. Og det var rein rikdom. Ho peikte ut sume ting som me skulde faa – og du skulde faa ei gamall rosemaala kiste. [EA: Besteforeldra hadde vorte kørfolk og budde i Bøkko, nedanfor Sletto].

Bestefar fylgde meg upp til Sletto. Same raude stova – Ny laave – og fjøs – og stallen flutt. Eg kjende meg mest ikkje att. 3 friske barn – vakre, raudleitte sprang i tunet. Inne var alt typisk hallingdals. Sterke fargar – og falske fargar hadde ein maalar kladda – rota paa. Inni kammerset der eg er fødd – var alt som fyrr. Lite og hyggjelegt. – Og mykje mat paa bordet! I fjøset 5 kyr (Tenk Jens er moderne – han hadde kvitmaala fjøset inni!!!! Daa lo me og hadde moro!

(I margen t.v. har OS skrive: Kom til Voss i gaar kveld – et – la meg, søv til kl. 10 i dag, har kjøpt meg stivakrage og blaabær - - køyrer no 3 mil.)

Det var saart! Dei trur paa oss som tvo englar. Du Karin har dei tru um, at du er liksom meir enn eit menneskje – so god og snill og fager. Bestemor sa, at naar ho no kunde faa sjaa deg fyrr ho døyr – so hadde ho ikkje meir aa liva etter. Dei trur me er rike. Eg sa, at me har den tru at me greider oss – for me har helsa. Men dei som veit at eg brukar so ugjerne sterke ord – dei trur endaa sterkare enn fyrr at me er rike. For dei er slik – at hadde eg skrytt, so hadde dei faatt mistanke - - Og so fløyelsjakka – og mine klædi i det heile – folk meiner at det er noko ualmindelegt. Reinthon og Brusletto rosar deg for mykje! Jaja, - so har me daa det gagn av aa gaa fint klædde. –

Her syner Olav Sletto ei side av seg sjølv som strateg: Han fortel på ein måte som gir inntrykk av større forhold enn det var grunnlag for i virkelegheita. Det var heller det motsette av rikdom som prega kvardagen i Vesleheimen. Dette å blåse opp det som er smått til noko stort og gildt, meistrar Olav Sletto til fulle. Det går fram av breva til Karin Bryde og i fleire av bøkene han skreiv med sjølvbiografisk kjerne, t.d. Olverbøkene.

Eg stundar etter aa faa gaa paa toget. Eg høyrer ikkje heime der uppe eg no – har aldri høyrte heime der i grunnen. Og so bratt som liden var! Nei, eg maa ha Asker, skal eg trivast. Reinthon, Næstegard o.s.fr. skulde eg koma til - - - men eg sette det ut til seinare. Eg maatte naa dampskipet paa Eide i Hardanger kl. ½ 5 4.2.

Jenny har ei liti hallingstova – eit vent barn – ein ung, fin, blyg mann som ikkje snakkar naar dei ikkje spør honom – 5 kyr og hest – ei gamall snill svigermor – ein gard so rik paa stein som byen paa synder. Kari morsyster – tok duken av bordet og gav meg med til deg. Ho hadde faatt av fru Høyer [prestefrua i Hol], og eg syntest at han var fin. Dei flekkjar som kom paa, har eg sett paa med eg et middag – Likar du han? Fotografiet av mor fekk eg hjaa Jenny – utan at mor veit det.

Tusen kyss! Varme fang! Gud skal vita, at du er mi sjæl og mitt liv!

Din trufaste mann!

Nei, han kjenner seg ikkje heime i Hol, har i grunnen aldri gjort det. Han var for annleis, og ferda ut av dalen gjekk som ein naturstraum, som Storeåni, mot havet. Vekk frå fjellet og bygda. Han måtte ha større rom ikring seg. S. Reinton og andre i bygda såg det, og støtta Olav Sletto i alle år med pengar til utdanning og studiefjerder, banklån mv. Det går fram av brevvekslinga mellom S. Reinton og Olav Sletto (Olav Sletto-selskapet Årbok 2002). Det kan sjå ut til at mor hans, Anne, var med då han besøkte Jenny i Uren.

Vesleheimen, 5.2.1915

Kjære, kjære gullet mit!

Tusen varme tak for pakken igaar! Jeg ser straks, hvad jeg skulde bruge den til: tørlkæde til Bjørnegutten! Det er saa deiligt og vakkert og varigt til det brug. - - -

Kjære dig, manden min! I dag er du atter i Hardanger. – Naar jeg tænker paa dig, kjender jeg mig saa uendelig lykkelig. Du og barna er det skjønneste, jeg ved. Og naar vi nu sammen med dem trær ud i livet, skal folk kjende at baandene, som binder os, er mer end sterke. Tænk ofte paa os! Og lad os altid faa kjende armene dine tæt omkring os! Du er alt vort, det ved du. ...

Dit trofaste viv!

Medan Karin gjekk gravid med Eva, og seinare Randi, vart dei medan dei låg i mors mage kalla Bjørn. Dei nygifte ynskte seg veldig ein son, kan det sjå ut til. Og guten kom 12. mars 1915, rett etter at Olav kom heim frå ferda i Hallingdal. Dei kalla han Bjørn.


Karin og Olav Sletto var truande. Dei ba og sette sin lit til «de høiere magter». Trua var dei ei god hjelp når kvardagane truga med å kvele dei, slik ho inni mellom opplevde det der heime, og han også kjende på under sine travle taleferder.

Det er mange spørsmål som trengjer seg på under lesinga av brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto. Begge kjende på stor einsemd. Olav bar på eit morssakn som han meinte Karin kunne hjelpe han av med. Karin mista far sin som 15-åring. To komplekse personlegdomar fann kvarandre. Det er lag på lag i det dei formidlar i breva. Olav skriv så forførande! Forfører han også meg, som lesar, hundre år etterpå? Her trengs meir forskning! Eg spør meg også om han eigentleg hadde tid til familieliv? Kallet som diktar vart kan hende viktigare enn alt anna? Han hadde hatt tilbod om ein redaktørjobb, men takka nei. Han venta på ein lærarpost, og slutta med taleferdene så snart han var sikker på fast jobb som lærar, fordi jobben og lange feriar ga meir tid til diktinga. Balansepunktet mellom kjærleik og kall forskauv seg over år. Å følgja sitt kall førte til mindre merksemd på kone og barn. «Far maa ikke komme hjem, for da graater mor», sa vesle Eva (4) hausten 1916. Ungar får med seg meir enn vaksne trur! Karins «saare» sinn trengte kjærleiksfull pleie i den praktiske kvardagen. Ikkje berre i brev frå «mit liv, al min tanke», «din trufaste mann» i det fjerne. Og Olavs morslengt vart kan hende ikkje stetta – fullt ut. Det var kanskje i overkant å vente at Karin skulle vera mor, ikkje berre for ungane, men også for han? Olav og Karins einsame sjeler fann kvarandre i ein stormfull, herleg – og svært krevjande kjærleik.

OVERSIKT OVER OLAV SLETTOS TALEFERDER 1915

Dei meir enn 70 taleferdene Olav Sletto gjorde vinter, vår og haust i åra 1910-1917 gjekk – ofte i fleire vender – frå Agder-fylka i sør, Telemark, Vestfold, Buskerud, Hordland, Rogaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og til Trøndelags-fylka i nord. Om somrane var han heime i Vollen, der han sat skreiv. Vart det for livat i heimen, sette han seg på diktarhella si nede ved fjorden.

På ferda oppover Hallingdal 1915 tala han i Børtnes, Nes, Gol, Torpo, Hemsedal og Geilo. Deretter gjekk turen vidare til Voss og Evanger.



Kart over Bergensbanen, strekninga Kristiania-Bergen ca. 1915.

Raude dottar: Stoppestadene Olav Sletto viser i brev frå taleferda i Hallingdal, samt Voss og Evanger.

Kjelde: Norsk jernbanemuseum. Biblioteket. Målestokk ca. 1:2 000 000. Redigert av E. Almhjell, og gitt att med tillatelse frå museet.

Etter at guten kom til verda, gjekk Olavs reiserute til Valdres, der det kom brev frå Aurdal, Østre Slidre og Fossheim.

På seinvinteren 1915 gjekk ferda til Trøndelagen, der han sende helsingar frå Steinkjær, Stad, attende til Steinkjær. Så er det fleire brev utan stadnamn før han skriv frå Skatval.

Frå april til oktober 1915 var det pause i taleferdene. Den sommaren sat truleg Olav i Vollen og skreiv på den fyrste boka i Loke-serien.

I oktober 1915 var Olav Sletto på reisefot att – i Telemark. Brev kjem frå Skien, Kviteseid, Høgdaismo, (truleg) Eidsborg, Nissedalsvatnet, Kragerø, Skien, Notodden, Tinn Aust-bygd og Hovind i Tinn, der han avsluttar taleferdene for året 1915.

Kjelder:

Brev mellom Karin og Olav Sletto under taleferda i Hallingdal januar-februar 1915.

Litteratur:

Arild Mikkelsen: Olav Sletto og folkehøgskulen, Olav Sletto-selskapets Årshefte 2018.

Eva Almhjell: Kjærleik i dølgsmål. Glimt av Olav Sletto og Karin Brydes stormfull kjærleik, og vigse hjå byfogden i Drammen 27. juli 1911. Rundt om Drammen, nr. 2/2018 (kjem).

Eva Almhjell: Vesleheimen skulle lyse utetter og verme innerter. Slettos 5 år i Vollen. Årbok for Vollen historielag 2018 (kjem)

Olav Sletto: Olver-bøkene, bind 6 «På alderstun» (Norli 1963).

Johs. A Dale/L. Reinton: «Ei bok om Olav Sletto», Samlaget 1966.

L. Reinton/S.S. Reinton: Folk og fortid i Hol, band II, Grøndahl & søn, 1943.



Prosjekt «Digitalisering av Olav Sletto-arkivet» - fase I og II

Av Eva Almhjell, mars 2018.

Nedanfor fortel vi om bakgrunnen for prosjektet, og det vidare arbeidet framover.

Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet" – fase I

Prosjektet vart sett i gang hausten 2016. Vi reknar med at fase I - digitalisering med transkriberingar, skanningar og lagring på server i Hol bygdearkiv - er nær på avslutta i løpet av 2018. Olav Sletto-selskapet har til no brukt om lag halvtanna årsverk på prosjektet – anslagsvis 1 million kr. i frivillig, gratis innsats. Fleire hundre brev = tusenvis av papirsider er digitaliserte. Delar av brevvekslinga til Olav Sletto er unik, uhyre spennande og interessant stoff, ei stor glede å arbeide med! Dei gir auke innsikt i Slettos liv og diktning! Vi har levert tre rapportar om arbeidet til Hol kommune i 2017. Desse er publiserte på www.olavslettoselskapet.no Olav Sletto-selskapet søkte om og fekk kr. 12 000 i støtte frå Hol kommune til dette arbeidet i 2017. Vi takkar!

Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet" – fase II - formidling

Etter dette er vi over i fase II. Olav Sletto-selskapet treng økonomisk støtte også i denne fasen. Det handlar om *formidling* av det digitaliserte materialet. Det er liten vits i å ha alt lagra på sikker plass i bygdearkivet om ein ikkje også sørger for at det blir formidla vidare. I arbeidsdelinga mellom arkiveigar Hol kommune og Olav Sletto-selskapet, er det selskapet som *forvaltar* arkivet. Formidlinga av dette stoffet høyrer mao. til vårt forvaltningsansvar, jf. skriftleg avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet (juni 2016).

Det er eit mål for Olav Sletto-selskapet å gjera Olav Slettos liv og diktning kjent. I vedtektene heiter det m.a. at vi særleg skal stimulere til ny forskning på Olav Slettos liv og diktning. Det er vedtektene som er selskapet sitt styringsdokument. Måla kan vi nå m.a. ved å legge til rette og inspirere til forskning på denne forfattaren, den einaste Hol og Hallingdal har fostra av verkeleg nasjonalt format! Han er ein klassikar. Diverre er han altfor godt gøymd! Det er det vårt felles ansvar å gjera noko med. Ein måte å publisere på er skriftleg. Vi arbeider derfor med «brevartiklar» basert på brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto mens han var på taleferder i åra 1910-1917. Vi samarbeider med lokale historielag og andre med tanke på publisering i relevante historielag sine årbøker og lignende. Å gå i gang med eit bokprosjekt er eit mykje lenger lerret å bleike – og kostnadskrevjande. Det er både raskare, billigare og hensiktsmessig å nytte også moderne medier.

www.olavslettoselskapet.no

Olav Sletto-selskapet har ein nettstad. Dette er ein blogg med begrensa moglegheiter og kapasitet – i dag. Vi ynskjer å nytte denne heimesida, men då trengs eit stort lyft, slik at form og innhald høver til kvarandre, dvs. det må vera plass og søkereidskapar som gjer sida visuelt og innhaldsmessig attraktiv, lett å finne og bruke. Til det treng vi profesjonell hjelp. Styret arbeider med denne saka i 2018.

Samarbeid med Nasjonalbiblioteket

Vi har vore i kontakt med Nasjonalbiblioteket (NB) for å få drahjelp med formidlinga av Sletto-arkivet. Dei ser på Olav Sletto som ein nasjonal forfattar og er gjerne med å formidle, men det kan dei fyrst gjera når (alt) digitalisert arkivstoff er publisert, t.d. på www.olavslettoselskapet.no. Då kan Nasjonalbiblioteket koble seg opp til vår nettstad. Det vil vera ei utruleg god hjelp i formidlingsarbeidet. Vi er også i kontakt med Memoar, ein organisasjon for munnleg historie, for å samarbeide om å nytte deira kanalar. Vi ynskjer primært å nå studentar, forskarar og seriøse journalistar, men også folk ellers med interesse for språk, litteratur, kultur og historie.

Olav Sletto sjølv har bestemt kva han ville skulle takast vare på for ettertida.

I Sletto-arkivet fins fleire hundre brev, manus, avisutklypp m.v. Det er Olav Sletto sjølv som har bestemt kva han ville skulle takast vare på for ettertida. Det han ikkje ville la falle i framande hender, brende han truleg, slik han sjølv sa han ville. Det vi publiserer er altså klargjort av forfattaren.

Sletto-arkivet – eigarskap og forvaltning av arkivet - lovgrunnlag

Det er Hol kommune som eig Sletto-arkivet, som vart gitt kommuna i gave ein gong på 1960-talet. Olav Sletto-selskapet forvaltar arkivet, jf. avtale mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet, signert 19. juni 2016. Lovgrunnlaget er gitt i Lov om arkiv, sist endra 1.10.2017, og riksarkivarens forskrift av 1.1.2018. Av loven går det fram at dokument som er meir enn seksti år gamle kan nyttast fritt så lenge dei ikkje gjev informasjon om straffedom (80 år) eller adopsjon (100 år). Opplysningar om personar som framleis er i live skal alltid nyttast skjønnsamt. Rådgjevar for Olav Sletto-selskapet er jussprofessor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen.

Ingen av barna til Olav og Karin Sletto lever i dag. Familien, dvs. barnebarna kjenner til og gir si støtte til arbeidet med digitalisering av Sletto-arkivet – og det som logisk følgjer med det: Formidling av dette unike arkivstoffet.

Takk

Det kjem ein dag då digitaliseringsprosjektet er avslutta, det kjem ein dag for den store takken til alle som har ytt solide bidrag i prosjektet. No berre ein førebels liten takk til dei som har transkribert, skanna og lagra stoff: Margarethe L'orange, Eva-Cecilie Skaarberg, Dag og Ingrid Wollebæk. Takk også for den støtta resten av styret i Olav Sletto-selskapet har gitt, og takk til Bjørn Furuseth i Hol Bygdearkiv. Samarbeidet med Hol kommune har vore utmerka.



AVTALE

mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet om rett til å nytte kommunen sitt materiale etter diktaren Olav Sletto.

- Hol kommune er rett eigar av materiale knytt til Olav Slettos liv og forfatterskap. Dette i samsvar med ynskje frå Olav Slettos etterkommarar av 1965.
- Hol kommune gir med dette Olav Sletto-selskapet (OSS) rett til å nytte materialet etter Olav Sletto i samsvar med selskapets egne vedtekter og etter Hol bygdearkivs reglar om gaver. Materialet skal oppbevaras i Hol bygdearkiv og i Olav Sletto-rommet i biblioteket, om naudsynt i låsbare skåp.
- Selskapet skal styrke interessa for Olav Slettos liv og forfatterskap, mellom anna ved å arbeide for å gjera litteraturen tilgjengeleg for folk flest, herunder digitalisere materiale på selskapet si nettside. Selskapet skal også fremme interessa for Sletto ved å gi ut publikasjonar, arrangere kurs og seminar m.v.. Selskapet skal ta vare på og utvikle Sletto-samlinga og legge til rette for forskning med grunnlag i materialet.
- Hol kommune støttar Olav Sletto-selskapet i dette arbeidet, t.d. ved å la Olav Sletto-selskapet nytte kommunale lokaler til sitt arbeid og sine arrangement. Dette skal det gjerast avtale om i god tid.
- Når Olav Sletto-selskapet skannar brev/dokument eller anna materiale, kan lokaler i Hol bygdearkiv, inkl. biblioteket og Olav Sletto-rommet, nyttast. Om ikkje anna er avtala, skal arbeidet primært gjerast i vanlig arbeidstid og avtalast i god tid.
- Dersom lokale i Hol bibliotek/Olav Sletto-rommet blir nytta, skjer det etter avtale med biblioteksjefen. Bruken må avtalast i god tid, slik at medarbeidarar i Hol bygdearkiv kan bringe bestilt stoff til biblioteket.
- Bruk av lokaler i biblioteket, utanfor vanleg åpningstid, må avtalast i god tid.
- Ferdig digitaliserte dokument skal oppbevaras på sikre diskar med back up i Hol Bygdearkiv.

Hol, den 19/6-16


for Hol kommune


Eva Almhjell
for Olav Sletto-selskapet

Dette er Olav Sletto-selskapet

Olav Sletto-selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemdar, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar. Selskapet er ein sjølvstendig juridisk person, skipa 3. mars 2001 i Hol/Hallingdal.

Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sin forfattarskap. Dette kan gjerast m.a. ved:

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverke til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnarens liv og diktning
- å arrangera foredrag, seminar, kurs, ekskursjonar m.v
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Årsplan 2018 for Olav Sletto-selskapet

VINTER/VÅR-SLETTA

Laurdag 17. februar 2018 i Bergen: Memoarkonferansen 2018. Samling for folk som driv med munnleg historieforskning. Work-shop fredagen før med spesielt inviterte, der leiaren i Olav Sletto-selskapet også er med. Tema der: Digitalisering og formidling av arkivstoff mm.
Fredag 6. april 2018: Årsmøte 2018 på Vika velferdssenter i Holet kl. 18 - inntil 2130. Vanlege årsmøtesaker og orientering om pågåande og nye prosjekt.

HAUST-SLETTA

OLAV SLETTA-DAGEN 2018 blir laurdag 6. oktober. Erling Sørli kjem med Olav Sletto og hans forsøk på å oppdra ein kritikar, Eva Almhjell vil fortelja om Olav Slettos taleferder. Og meir blir det. Fleire detaljar kjem utover året.
Stad: Ål kulturhus, kl. 13-17. Arrangørar: Olav Sletto-selskapet og Hol, Ål og Nes bibliotek i Halligdal.

Ein helgedag i september: Historisk treff i Vesleheimen med vandring i Olav og Karin Sletto sine fotspor den tida dei budde i Asker (1912-1917). Eva Almhjell fortel. Også fjellfolk er velkomne til Vesleheimen denne dagen! Arrangør: Vollen historielag.

PROSJEKT "DIGITALISERING AV SLETTA-ARKIVET"- fase II formidling

Prosjektet har pågått sidan hausten 2016. Fleire hundre dokument er transkriberte, fleire tusen sider er skanna og lagra i Hol bygdarkiv. No er det forskning og formidling som står for tur.

PROSJEKT "UTVIDA ORDLISTE FOR LESING AV OLAV SLETTA"

Hausten 2017 starta vi arbeidet med å digitalisere og utvide Olav Lia si ordliste frå 2001 for lesing av Olav Sletto. Nye generasjonar treng fleire ordtydingar!

